RÅDGJEVANDE ARKEOLOGAR

RAPPORT

16/2012






# KULTURMINNEREGISTRERING I MÅLØY SENTRUM

# - MED VEKT PÅ BYGNINGSMASSE FØR OG ETTER 1900

***Områdeplan for Måløy sentrum, Vågsøy kommune, Sogn og Fjordane***

## DOKUMENTINFORMASJON

| | |
|---|---|
| **Tittel:** Kulturminneregistrering i Måløy sentrum- med vekt på bygningsmasse før og etter 1900. Områdeplan for Måløy sentrum, Vågsøy kommune, Sogn og Fjordane | **Dato:** 06.08.2012 |
| **Forfattar:** Oddhild Dokset Engedal | **Rapportnr:** 16/2012 |
| **Referanse:** Engedal, O.D. 2012: Kulturminneregistrering i Måløy sentrum- med vekt på bygningsmasse før og etter 1900. Områdeplan for Måløy sentrum, Vågsøy kommune, Sogn og Fjordane. *Rådgjevande Arkeologar. Rapport 16/2012.* | |
| **Oppdragsgjevar:** Vågsøy kommune | **Kontaktperson oppdragsgjevar:** Arne Aasebø |



**Samandrag:**
Oppdragsgjevar ynskjer å kartlegge kulturminne i Måløy sentrum i samband med utarbeiding av områdeplan for Måløy sentrum. Måløy har utvikla seg frå å vere ei bygd på slutten av 1800-talet til ein tettstad som fekk bystatus på 1990-talet. Hovudfokus er dermed på bygningsmasse og verneverdiverdien til bygningar både før og etter 1900 er vurdert. Andre kjende kulturminne er også tekne med og verdivurdert.


**Framsideillustrasjon:**
Brunsvikbuda t.v, forretningshus tilhøyrande brørne Midtgaard i midten og Firda Canning t.h. Foto: Ø. Engedal.


**Produsert av:**
RÅDGJEVANDE ARKEOLOGAR ANS
6953 Leirvik i Sogn
Tlf. 91329417 / 95882320
E-post: post@arkeoraad.no
Internett: www.arkeoraad.no

# Innhald

Figurliste ..... 4
Føreord ..... 5
1. Innleiing ..... 6
2. Kulturminne og kulturmiljø - definisjonar ..... 7
2.1 Automatisk freda kulturminne ..... 8
2.2 Nyare tids kulturminne ..... 8
3. Kulturminnevern ..... 9
3.1 Kvifor kulturminnevern? ..... 9
3.2 Kva skal vernast? ..... 9
3.3 Retningsliner for verdivurdering ..... 10
4. Metode, kjelder og feltarbeid ..... 13
5. Måløys kulturhistoriske utvikling ..... 14
6. Objektliste - skildring av bygningsmiljø og einskilde kulturminne ..... 21
6.1 Gate 1 ..... 21
6.2 Gate 2 (einskilde bygg i gate 1) ..... 41
6.3 Gate 3 ..... 58
6.4 Sæterneset ..... 58
6.5 Sjøfronten ..... 62
6.6 Andre ..... 69
6.7 Kulturminne knytt til tru/tradisjon ..... 69
6.8 Krigsminne ..... 70
Litteraturliste ..... 75
Vedlegg 1 Arkitekturhistorisk stilguide ..... 77
Vedlegg 2 Temakart ..... 82

# Figurliste

Figur 1. Planområdet. 7
Figur 2. Bygningar i sveitserstil. 15
Figur 3. "Fremtiden" til venstre og Eltevikhuset til høgre, to bygningar i gt.1 i jugendstil. 15
Figur 4. Fabrikklokalet til Firda Canning 16
Figur 5: Turnhallen. 16
Figur 6. Bygning i nyklassisistisk stil. 17
Figur 7. Eksempel på bygningar i funkisstil. 17
Figur 8. Fiskemottak for Måløy Fiskehandel og Einar Gotteberg si bud, Einarbuda 18
Figur 9. Administrasjonslokalet til Domsteinskonsernet. 19
Figur 10. T.v: Den norske bank, bygd 1976, bygning med brutalistiske trekk i form av betongoverflate og synlege kraftige betongbjelkar. I midten: Fiskernes hus. T.h: nybygg som ikkje tek omsyn til eldre bygningars form og storleik. 20
Figur 11. Døme på typisk bygg frå 60/70-talet som er sjeldan å sjå i norske tettstadar i dag. 20
Figur 12: Døme på nybygg i sentrum som skapar mangfald på ein god måte. 20
Figur 13. Vertikale stiar i BM 10. 43
Figur 14. Vertikale og horisontale stiar i BM 11 49
Figur 15. Temakart. Kulturminneverdiar i Måløy sentrum. 74

# Føreord

Denne kulturminneregistreringa er utført av Rådgjevande Arkeologar ANS. Synfaring vart gjort 10.-11.juli 2012 av Oddhild Dokset Engedal og Ørjan Engedal, samt 30.juli 2012 saman med Terje Sølvberg og 31.juli saman med Arlen Bidne, Sogn og Fjordane fylkeskommune. Oddhild Dokset Engedal har vore oppdragsleiar, og Ørjan Engedal har kvalitetssikra arbeidet. Vågsøy kommune har vore oppdragsgjevar og Arne Åsebø har vore kontaktperson ved Vågsøy kommune.

| | |
|---|---|
| Oddhild Dokset Engedal | Ørjan Engedal |
| Oppdragsleiar | Kvalitetsikrar |

# 1. Innleiing

Det er per i dag ingen overordna plan for sentrumsområda i Måløy, noko som gjer utvikling og detaljplanlegging av delområde vanskeleg. For fleire område i sentrum er det heller ikkje gjeldande reguleringsplanar. Det er derfor behov for ein heilskapleg plan som legg vekt på å samordne den sosiale, kulturelle, estetiske og fysiske utviklinga av Måløy sentrum. Dette er bakgrunnen for at Vågsøy kommune skal utarbeide ein områdeplan for Måløy sentrum. Denne skal legge til rette for at Måløy sentrum skal utvikle seg som ein attraktiv, framtidsretta og levande by.

I samband med områdeplanen er det stilt krav om, eller gjort anbefalingar om at ulike fagrapportar vert utarbeidd. For tema kulturminne og kulturmiljø er det anbefalt ei kulturminneregistrering. I planprogrammet står det (s.30):

*"Kommunen bør forsøke, ved hjelp av historielaget eller liknande, å få gjennomført ei registrering av kulturminne i Måløy sentrum, både nyregistering og gjennomgang av eksisterande register og databasar."*

Følgjande fråsegn i samband med oppstartsvarsel og ettersyn av planprogram er komme frå kulturavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune:

*«…I Måløy sentrum er det fleire kulturminne frå nyare tid. Desse kulturminna er viktige for å styrkje byen si historie og karakter. Planprogrammet har teke dette innover seg og har eit godt fokus på bygningar som er registrert i SEFRAK. Dette registeret er ei viktig kjelde til kunnskap, og omhandlar bygningar før år 1900. Ein stor del av bygningane i planområdet er bygd etter 1900, og fell dermed utanfor desse registreringane. Gjennom arbeidet med områdeplanen, vil det av den grunn vere eit behov for å utgreie verneverdien på bygningar og anlegg frå tida etter 1900. Den registrerte kunnskapen om nyare tids kulturminne i Måløy, er ikkje av heilt ny dato og mykje kan vera endra sidan dei siste registreringane og vurderingane vart gjort. Det er no viktig at eksisterande kunnskap om dei kulturhistoriske verdiane i sentrumsområda vert oppdatert i samband med planarbeidet. Fylkeskommunen si kulturavdeling vil vere rådvelde i dette arbeidet."*

Rådgjevande Arkeologar ANS har gjennomført registrering av kulturminne i Måløy sentrum og vurdert verneverdien til dei ulike kulturmiljøa og dei einskilde kulturminna. Kvar enkelt bygning i planområdet er vurdert og dei med kulturhistorisk interesse er skildra i lista over miljø og enkeltobjekt i kap. 6. Andre registrerte kulturminne er skildra på same vis i kap. 6. Kulturmiljø og kulturminne med verneverdi er synt på figur 15 og på kart i vedlegg 2. Vedlegg 1 er ein stilguide, ein kort presentasjon av dei mest aktuelle stilartane i arkitekturen.



**Figur 1. Planområdet.**

# 2. Kulturminne og kulturmiljø - definisjonar

Kulturminnelova (LOV 1978 nr. 50 Lov om kulturminne) definerer **kulturminne** som:

*«alle spor etter menneskelig aktivitet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til»*

Når eit eller fleire kulturminne inngår i ein vidare heilskap eller samanheng, kan ein tale om eit **kulturmiljø**. Vurderingar av kulturhistorie, tidsdjupne, einskilde kulturminne og landskap ligg til grunn når eit kulturmiljø vert definert og avgrensa.

Ein skil også mellom **faste-** og **lause kulturminne**. Faste kulturminne er gjerne nettopp faste og integrerte i landskapet – som ein steingard, ei gravrøys eller ei kokegrop. Sjølv om dei let seg flytte, reknar ein óg ståande bautasteinar og steinkrossar til denne kategorien. Lause kulturminne er dei som kan skiljast frå landskapet og setjast i ein monter i e it museum – som ein pilspiss, eit vevlodd eller eit klesplagg.

Ein skil óg mellom kulturminne som er synlege på overflata, og slike som ikkje er det. **Synlege kulturminne** kan vere t.d. steingardar, ruinar eller helleristingar. **Ikkje-synlege kulturminne** er slike som er skjulte under sand, grus, stein, jord, torv eller anna vegetasjon. I prinsippet kan alle typar kulturminne finnast slik, men det er ofte tale om eldstader, steinsetjingar, pløyespor, graver eller bygningspor. Ei §9 undersøking, dvs. ei overflateregistrering eller registrering med prøvestikk og sjakter, i regi av fylkeskommunen, har som hovudmål å kartlegge slike ikkje-synlege, eller ikkje kjende-, kulturminne i eit utbyggingsområde. Ein reknar med at berre kring 10% av kulturminna er kjende i dag – resten finst, men er vanskeleg- eller ikkje synlege, eller av andre grunnar ikkje registrerte.

## 2.1 Automatisk freda kulturminne

Kulturminnelova (LOV 1978 nr. 50 Lov om kulturminne) gjev visse kulturminne eit automatisk vern, dvs. at dei er automatisk freda. Dette gjeld alle kjende og ukjende kulturminne eldre enn 1537 (reformasjonen), ståande bygg og myntar eldre enn 1650, kulturminne i sjø, vatn og vassdrag eldre enn 100 år, og samiske kulturminne eldre enn 100 år. Om ikkje anna er bestemt av vernestyresmaktene, gjeld fredinga sjølve kulturminnet og ei sone på 5m rundt kulturminnet. Andre kulturminnekategoriar kan fredast ved særskilde vedtak, og ein talar då om vedtaksfreda kulturminne. *Automatisk freda kulturminne*, *førreformatoriske* kulturminne og *fornminne* vert brukte synonymt i mange samanhengar.

## 2.2 Nyare tids kulturminne

Med nyare tids kulturminne meiner ein kulturminne yngre enn 1537 (reformasjonen). I røynda finst det ikkje ei øvre tidsavgrensing for kulturminne. Med unntak av ståande bygg og myntar eldre enn 1650, kulturminne i sjø, vatn og vassdrag eldre enn 100 år, og samiske kulturminne eldre enn 100 år, har nyare tids kulturminne ikkje automatisk vern. Gjennom vedtak kan Riksantikvaren også frede nyare tids kulturminne.

# 3. Kulturminnevern

## 3.1 Kvifor kulturminnevern?

§1 i Kulturminnelova av 9. juni 1978, slår fast fylgjande formål med lova:

> *"Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning. Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforståelse, trivsel og virksomhet".*

Formålet med kulturminnevern er å ta vare på materielle spor etter menneskeleg aktivitet, både i forhistoria, men også frå nærare fortid. Det er fleire grunnar til at dette er viktig:

- **Kunnskap** - kulturminne gjev kunnskap om tidsepokar som ikkje har etterlatt seg skriftlege kjelder. For desse periodane er dei fysiske spora etter menneska som levde då, den einaste kjelda til kunnskap som er att. Som konkrete og handfaste opplevingar er kulturminne også ei utfyllande kjelde til kunnskap om den nære fortida. I tillegg fortel materielle kulturminne ei objektiv historie, i motsetnad til skriftlege kjelder, som alltid til ein viss grad vil vere prega av tida dei vart skrivne i og av forfattar.

- **Opplevingar** - møte med kulturminne er ei reise i tid, det er eit direkte bindeledd til ei anna tid, ein annan kultur og ein annan estetikk. Dette kan gi store opplevingar.

- **Identitet og eigenart** - bidreg til å gje identitet og eigenart til stader, nyttig for å oppnå samansette og interessante omgjevnader.

- **Verdiskaping**- mange kulturminne genererer verdiskapning gjennom til dømes turisme. Eit godt eksempel på dette er Bryggen i Bergen. Andre kulturminne generer verdiskapning fordi dei er bygningar, anlegg, landskap som er i bruk.

- **Miljøvern** - gjenbruk av bygningar, anlegg og andre kulturminne er heldig sett frå eit ressurs- og miljøvernperspektiv.

- **Perspektiv** - set vår eiga samtid og framtid i perspektiv.

Kulturminne er ein ikkje fornybar ressurs. For kvart kulturminne som går tapt, forsvinn historia det kunne fortelje oss og det er borte for alltid.

## 3.2 Kva skal vernast?

Kulturminnelova gjev ein vid definisjon på kva som er eit kulturminne og eit kulturmiljø, men dette betyr ikkje at alle skal vernast. Det er verken mogleg eller ønskjeleg. Utfordringa består i å avgjere kva som skal takast vare på og ikkje. Retningslinene for forvaltinga av kulturminne og kulturmiljø går ut på at mangfaldet skal takast vare på, og at et representativt utval skal prioriterast for vern.

Utover retningslinene i Kulturminnelova er dagens kulturminnepolitikk tufta på føringar i stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) «Leve med kulturminner», med særskilt vedlegg NOU 2002: «1 Fortid former framtid». Her vert fylgjande målsetjingar skissert:

| | |
|---|---|
| Nasjonalt strategisk mål: | Mangfoldet av kulturminner og kulturmiljøer skal forvaltes og tas vare på som bruksressurser og som grunnlag for kunnskap, opplevelse og verdiskaping. Et representativt utvalg av kulturminner og kulturmiljøer skal tas vare på i et langsiktig perspektiv |
| Nasjonalt resultatmål 1 | Det årlige tapet av verneverdige kulturminner og kulturmiljøer som følge av at de fjernes, ødelegges eller forfaller, skal minimaliseres. Innen 2020 skal tapet ikke overstige 0,5 prosent årlig. |
| Nasjonalt resultatmål 2 | Fredete og fredningsverdige kulturminner og kulturmiljøer skal være sikret og ha ordinært vedlikeholdsnivå innen 2020 |
| Nasjonalt resultatmål 3 | Den geografiske, sosiale, etniske, næringsmessige og tidsmessige bredden i de varig vernete kulturminnene og kulturmiljøene skal bli bedre, og et representativt utvalg skal være fredet innen 2020. |

I det strategiske målet ligg altså ei avgrensing av *kva* som skal takast vare på: ”Et **representativt utvalg** av kulturminner og kulturmiljøer […]». I nasj. res.måls. 1 vert det signalisert ei strammare line i høve til tap av verneverdige kulturminne og kulturmiljø: «Det årlige tapet […] skal **minimaliseres**».

På regionalt plan gjeld eventuelle fylkesplanar som omhandlar kulturminne. Sogn og Fjordane har utarbeida ein Fylkesdelplan for arealbruk (2000). Denne gjev retningslinjer til kommunal arealplanlegging. For tema kulturminne og kulturlandskap har planen følgjande mål:

> *”Sikre ei berekraftig utvikling og verne kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida og sikre kulturminne og kulturmiljø av kulturell, geografisk og tidsmessig breidde som har nasjonal, regional og lokal verdi.”*

På lokalt nivå er det mogleg for kommunane å skissere mål for forvalting av kulturminne i kommuneplanen eller i særskilde tema/sektor/delplanar for kulturminne. Vågsøy kommune har ikkje eigen plan for kulturminne.

## 3.3 Retningsliner for verdivurdering

Når ein skal setje ein verdi på eit kulturminne er det vanleg å ta utgangspunkt i tre kategoriar:

- **Kunnskapsverdi**: den primære kategorien. Kulturminne er ei viktig kjelde til kunnskap om fortida og viktig for forståinga av den, det vere seg handtverksteknikkar, materialtypar, tenkemåtar, levemåtar, samfunnsliv, osb.

- **Opplevingsverdi**: nokre kulturminne gjev eit sterkt inntrykk fordi dei er særskilt vakre, uvanlege eller har ei spesiell historie å fortelje.

- **Bruksverdi**: ein kategori som har fått auka merksemd. Verdiskapinga vert knytt til det økonomiske, men også det kulturelle, sosiale og miljømessige. Kulturminna sin verdi kan takast vare på ellar aukast gjennom ny- og/ eller endra bruk.

Dette er dei tre hovudkategoriane ein tek utgangspunkt i ved verdivurdering. I tillegg spelar ei rekkje andre faktorar inn, alder og autentisitet er særskilt viktige faktorar, likeeins representativitet/sjeldanheit. Under kjem ei liste over faktorar som vert vurdert i s amband med verdivurdering:

- **Alder:** dei eldste kulturminna er verdifulle fordi dei er sjeldne, og fordi dei er frå ei tid som stammar frå periodar med lite eller ingen skriftlege kjelder.
- **Autentisitet:** ein kan likestille ordet med ekte og opphavleg. Dess meir uendra og orginal, til dømes, ein bygning er, desto meir verdifull er den, ikkje minst om den er gammal. Dess fleire delar som er bytte ut, og særleg om dei er bytt ut med delar i ny utforming eller i nye typar materiale, dess mindre grad av autentisitet har bygningen.
- **Mangfald og variasjon:** nokre kulturminne representerer ulike former og funksjonar, ulike epokar og eit mangfald av historier.
- **Samanheng og heilskap:** nokre kulturminne inngår i ulike samanhengar og heilskapar, knytt til tema som til dømes tid og etnisitet.
- **Dynamikk og endring:** nokre kulturminne er prega av ulike typar dynamikk, løpande endringar og sterke endringskrefter.
- **Brot og kontrast:** nokre kulturminne representerer brot eller kontrast i forhold til form eller funksjon, kontinuitet eller etnisitet, handtverksteknikk eller materialbruk.
- **Lesbarheit og tydelegheit:** nokre kulturminne er spesielt godt eigna til formidling, då den representerer historia på ein særleg tydeleg og pedagogisk måte.
- **Egnetheit:** vurdering av om kulturminna har god funksjonalitet i forhold til dagen situasjon og bruk.
- **Anvendbarheit og funksjonsdyktigheit:** vurdering om kulturminna har eit stabilt brukspotensial over tid, om det er eigna for endra-, eventuelt ny bruk.
- **Sårbarheit og tålegrenser:** vurdering om kulturminna er sårbare for inngrep og endringar, eller om det har høge tålegrenser.
- **Interaksjon natur-kultur:** nokre kulturminne/miljø syner samspelet mellom natur og kultur på ein særskilt god måte.

Kriteria er henta frå Riksantikvaren sin rettleiar: ”Kulturminner i kommunen. Håndbok for lokal registrering” (2012:31-33). I tillegg er også følgjande faktorar lagt til grunn i verdivurderinga:

- **Symbolverdi:** kulturminne kan ha høg verdi fordi dei har ein spesiell plass i folks bevisstheit. det kan vere monument, bygningar som er knytte til ein bestemt person eller hending, eller til ein tradisjon, ide eller førestilling.

- **Identitetsverdi:** nokre kulturminne er viktige for staden sin identitet. Dette er kulturminne som, til dømes, ligg synleg til, eller har hatt ein sentral plass i samfunnslivet. Dette gjer dei til verdifulle lokalt, sjølv om dei i nasjonal samanheng ikkje nødvendigvis er av stor verdi.

- **Arkitektonisk, kunstnerisk eller handtverksmessig verdi:** nokre gjenstandar, bygningar og anlegg er verdifulle fordi dei er spesielt vakre, påkosta eller godt utført, eller spesielt fine representantar for ein bestemt stilart.

- **Sjeldanheit/representativitet:** utgangspunktet er at sjeldne bygningar er verdifulle, anten dei alltid har vore sjeldne eller om dei er representantar for bygningstypar som har vore vanlege før, men som no er sjeldne. Vidare kan også store mengder samla bygningar også ha verdi, då ligg verdien i at det er sjeldan at så mange bygg av ein bestemt art er samla.

Verdivurderingane i denne rapporten er gjort ut frå eit lokalt perspektiv. Det vil seie at enkelte objekt som ikkje har særskilt høg kulturhistorisk verdi på eit regionalt eller nasjonalt nivå, kan bli tillagt ein høg eller middels verdi då det, til dømes, er eit viktig historieforteljande element i Måløy.

Det beste for kulturminna, særleg bygningar, er at dei er i bruk. Bygningar av kulturhistorisk interesse som står tomme og forfell er eit trist syn og ikkje godt kulturminnevern. For bygningar som står tomme bør ein søkje å finne nye bruksområde.

# 4. Metode, kjelder og feltarbeid

Denne rapporten tek sikte på å kartleggje og verdivurdere kulturminne i planområdet for områdeplan, Måløy sentrum. Alle bygningane i planområdet eldre enn 1970 er vurdert. Det er vanskeleg å vurdere den kulturhistoriske verdien til yngre bygg, då dei ligg så nær oss i tid. Døme på karakteristisk arkitektur etter 1970 er teke med i den generelle gjennomgangen av Måløys historie.

Bygningar som står tett inntil gt.2, på vestsida, er tekne med i kulturminneregistreringa, sjølv om dei er utanfor planområdet. Det er og gjort ei vurdering av tilstanden til dei einskilde kulturminna. Eg gjer merksam på at denne tilstandsvurderinga ikkje er teknisk, men basert på det visuelle inntrykket kulturminna framstår med.

Følgjande kjelder er nytta i arbeidet:

| | |
|---|---|
| Askeladden | Riksantikvaren sin landsomfattande fornminnedatabase. I omtale av kjende automatisk freda kulturminne refererer vi til denne databasen med "ASK ID". |
| SEFRAK | Landsomfattande register over bygningar eldre enn 1900 og andre faste kulturminne yngre enn 1537. |
| UNIMUS | Landsdelsmusea sine databasar over lause kulturminne (gjenstandar) integrerte i felles søkemotor (www.unimus.no). |
| Lokalhistorisk litteratur | Sjå litteraturliste |
| Informantar | Terje Sølvberg |

Flyfoto og eldre bilete har vore nytta for å plassere bygningar i tid. Det vart gjennomført synfaring ved Oddhild Dokset Engedal og Ørjan Engedal den 10.-11.juli 2012, samt 30.juli 2012 saman med Terje Sølvberg og 31.juli 2012 med Arlen Bidne, Kulturavdelinga Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det vart gjort ein systematisk gjennomgang av bygningsmasse og andre kulturminne i planområdet.

Terje Sølvberg har vore ein viktig informant, både munnleg og gjennom skriftlege kjelder. Med stor lokalhistorisk kunnskap har han kome med historikk og byggjeår for ei rekkje bygningar. Ansvaret for eventuelle feil i gjennomgangen av kulturminne ligg sjølvsagt hos Rådgjevande Arkeologar.

# 5. Måløys kulturhistoriske utvikling

Dei eldste indikasjonane på at det har vore menneskeleg aktivitet i Måløy har ein frå skriftlege kjelder. I sogelitteraturen kan ein lese om kong Magnus den gode som i 1035 gjekk i land i Ulvesundet og kalla til ting. Ulvesundet var ei sentral og kjend ferdslelei langs kysten. Det var truleg Moldøen som var lokaliseringa til tingstaden. Moldøen ligg sentralt plassert i leia og frå øya har ein godt utsyn til alle kantar, slik vart ein ikkje overraska av angrep. Namnet Moldøen kjem truleg av «malstefna», norrønt som tyder målstova eller stemnestova. Bakgrunnen for tinget i 1035 var at kong Magnus ville bli hylla til ny konge av bøndene i ytre Nordfjord. Om bøndene hylla han som konge ville han slutte fred med dei og lovde dei fridom og betre kår. Truleg låg sjølve tingstaden ved søkket som ligg vest på øya. Denne staden er Måløys tusenårsstad.

Det er ikkje gjort funn av verken faste eller lause fornminne på Moldøen eller i Måløy, men ein veit frå skriftlege kjelder at det har vore gardsdrift sidan 1410 i Skramsbygda (pers.med Terje Sølvberg).

Fram til midten av 1800-talet var handelsaktiviteten i sørenden av Ulvesundet konsentrert til Moldøen. Her var det handelsstad frå 1690 fram til slutten av 1800-talet, då den vart flytta til Måløy, eller Skramsbygda som området då heitte. På midten av 1800-talet vart det bygd store sjøbuder og eit staseleg bustadhus i den lune vika på nordsida av Moldøen. Eigar var då Ole Schmidt, han var også den første postopnaren då Moldøen fekk postkontor i 1850. Dessverre vart alt rasert under Måløyraidet 3.juledag 1941. Det er i dag ingen synlege spor att etter den gamle handelstaden.

Fram mot midten av 1800-talet var det liten aktivitet i Skramsbygda, nokre få gardsbruk i bakkane oppover mot fjellsida og naust og enkle sjøbuder langs stranda. Skramsbygda og Sæternes vart rekna som avsidesliggjande i høve til der fiskeria føregjekk, og Sæternes var endå til støl for eigarane av Vågsberget.

I 1859 byrja ting å endre seg. Den første ruta til Nordre Bergenshus Amts Dampskipsselskap vart no ekspedert frå Skramsbygda. Like etter fekk andre kystruter stoppestad i Ulvesundet og også desse vart ekspedert frå Skramsbygda. Ei nystifta handelsforeining flytta inn i ei stor sjøbud i 1871 og i 1874 vart telegrafen flytta frå Moldøen til Skramsbygda.

Mot slutten av 1800-talet var det oppgang i fiske og dyktige kjøpmenn slo seg ned i Skramsbygda. Brørne Vetvik frå Bremangelandet var to av bondesønene som slo seg stort opp på fiske. Etter eit godt hummarfiske kring bygda på slutten av 1800-talet kjøpte Rasmus Vetvik ein gard med tilhøyrande sjøhus på Midtgård i Måløy. Seinare fekk han med seg, mellom anna, bror sin som kompanjong og i 1903 vart selskapet Ulvesunds Fiskeriselskap skipa. I 1905 bygde brørne ei stor sjøbud og slo seg stort opp som fiskeeksportørar og fiskebåteigarar.

Det er likevel Ulf Lem som vert rekna som grunnleggjaren av Måløy som moderne fiskeby. Frå slutten av 1800-talet bygde han opp eit stort handelshus, dreiv stor eksportforretning og vart ein pioner både i banklinefisket og ved omlegging til motorisert drift av fiskebåten. Han var også svært viktig i rolla som læremeister og hjelpte andre som ville prøve seg som fiskehandlarar eller reiarar. Han oppmoda mange unge fiskarar til å satse på nye og større fiskebåtar og kausjonerte store beløp til driftige unge menn som ville prøve seg.

Alt i alt var det oppgangstider frå slutten av 1800-talet og tida frå 1905 til 1920 er rekna som Måløys første ”gullalder”. I løpet av nokre få år bygde søner frå enkle kår opp store fiskeflåtar. Langs stranda vart det reist store sjøbuder for salting og lagring i rekordfart og på hamna låg utanlandske farty tett i tett. Måløy blomstra, folketalet auka og nye bygningar vart reist. Ein stor optimisme prega Måløy.

Mot slutten av 1800-talet og på byrjinga av 1900-talet var sveitserstil den dominerande stilarten i arkitekturen. Stilen heldt seg populær utover 1900-talet, sjølv om nye stilartar inspirerte arkitektane. Embetsmenn og rike forretningsmenn bygde seg villaer i sveitserstil, men også enklare bygg var inspirert av denne stilarten. I Måløy er fleire av desse bevart og ein kjenner att stilen både i flotte villaer, forretningshus og enklare bustader.






**Figur 2. Bygningar i sveitserstil.**

Som følgje av den økonomiske utviklinga i Måløy vart Sør-Vågsøy kyrkje bygd i 1907 og Sør-Vågsøy vart eigen kommune i 1910. Bygda fekk også eiga avis same året og i 1912 elektrisk lys frå Per Drages private elektrisitetsverk. Den nye tettstaden voks i rekordfart og stadig nye bygningar kom til. Etter at Vågsøy vart eigen kommune, feira dei seg sjølve med å byggje eit storslått rådhus, Heradsheimen. Bygningen stod ferdig i 1914 og vart nytta som kommuneadministrasjon og tilhaldsstad for fleire offentlege institusjonar. I 1911 fekk Måløy også sin eigen bank, Ulvesunds Kredittbank. Det vart bygd eit monumentalt bygg i 4 etasjar, som karakteristisk nok va rt kalla ”Fremtiden”. Bygningen er klart inspirert av ein ny rådande stilretning innan arkitekturen, jugendstilen. Både villaer og enklare hus vart inspirert av denne stilarten.





**Figur 3. “Fremtiden” til venstre og Eltevikhuset til høgre, to bygningar i gt.1 i jugendstil.**

Som følgje av det rike fisket og den økonomiske veksten grunna det, vaks det også fram andre næringar. Langs gt.1 vaks det opp s kipshandlar, bakeri, spesialforretningar, verkstader og slippar. Hermetikkfabrikken Moldøen Canning vart starta i 1910 og seinare, i 1913, vart Firda Canning skipa.



**Figur 4. Fabrikklokalet til Firda Canning**

Måløy var inne i ein stor vekstperiode og vart snart den største handelsstaden i Nordfjord. Rundt fiskerihamna vart det i løpet av mindre enn ti år bygd både kyrkje, kommunehus, elektrisitetsverk og vassverk, eit stort bankbygg, store buder og hermetikkfabrikkar langs stranda. I 1917 vart Måløy eigen bygningskommune og det vart innført detaljerte bygningsføreskrifter og reguleringsplan. Reguleringsplanen frå 1918 vart utarbeidd av Bergensarkitekten Olai Schumann Olsen. Her kom Måløy sine byambisjonar verkeleg fram. På reguleringsplanen vart det teikna inn 8 parallelle gater oppover mot fjellet og det vart endåtil planlagt ein elektrisk bytrikk frå Sæternes til Gotteberg. I 1920 vart det bygd hus for 2 millionar kroner i Måløy, mykje pengar etter den tids målestokk.

Ikkje berre forretningslivet blomstra i Måløy, nye foreiningar voks også fram i denne perioden. Fleire av desse hadde eit klart sofistikert og bymessig preg: ”Moldøens dramatiske Club” og ”Moldøen Orkester” er døme på desse. I 1922 vart Turnhallen eller ”Friheim” tatt i bruk. Bygget var til då fylkets flottaste forsamlingshus og fleire foreiningar fekk tilhaldsplass her.



**Figur 5: Turnhallen.**

## Økonomiske nedgangstider

På 20-talet stagnerte den økonomiske utviklinga og etterkvart kom eit økonomisk krakk og nedgangstider. Årsaka til dette var dårleg fiske, dårlege marknader for fiskeprodukt og stor arbeidsløyse. Som følgje av dette kom ei rekkje konkursar og tvangsauksjonar. Sjølv Ulvesund Kredittbank gjekk konkurs og vart nedlagt i 1929 etter å ha vore under offentleg administrasjon sidan 1923. Mange mista mykje pengar som følgje av dette.

Den økonomiske krisa ramma ikkje alle like hardt og bana også veg for ein ny generasjon grunderar i Måløy. Nokre kjøpte opp konkursbu og andre bygde seg opp frå grunnen av. Fleire av dei kjende fiskeeksportfirma som Skaar og Co, Kvalheim og Co, Arnt & Simon Midtgaard, Einar Gotteberg og Brødrene Myhre vart grunnlagde i denne perioden. Ei ny satsing på pigghå vart redninga og gav grunnlag for nye bedrifter.

På 20-talet gjorde nye nasjonale påverknader seg gjeldande innan arkitekturen og fleire bygningar vart bygde i nyklassisistisk stil. Også i Måløy ser ein innslag av denne stilarten i bybiletet.



**Figur 6. Bygning i nyklassisistisk stil.**

Inspirasjonen frå klassisismen i arkitekturen var heller kortvarig og mot slutten av 20-talet gjorde ein ny stilart seg gjeldande: funksjonalismen. Stilen var ein reaksjon på andre stilartar sine lån av element frå tidlegare periodar. Ein ville no byggje rimelege bustader med rasjonelle løysingar og gode kvalitetar. Dekorasjon vart sett på som ein uting. Sjølv om kvalitetar som enkelheit og låg kostnad vart vektlagt, vart det bygd fleire påkosta villaer i funkisstil, også i Måløy.

Funksjonalismen vart populær og fekk stor innverknad på bygningsmassen i Måløy. Særleg i gt. 2 ser ein mange bustadhus bygde i klassisk funkisstil, men også fleire forretningsbygg, bygårder og bustadhus i gt. 1 er i autentisk funkisstil.







**Figur 7. Eksempel på bygningar i funkisstil.**

Det er vanskeleg å avgjere kva tid funkisstilen slutta å vere den dominerande stilretninga innan arkitekturen. Det vanleg er å setje eit skilje ved 2.verdskrig, men i mange tilfelle heldt stilen på sin popularitet utover 50-talet.

## 2.verdskrig og Måløyraidet

Tre veker etter ordren om demobilisering av dei norske styrkane på Vestlandet, kom eit tysk kompani på om lag 30 mann til Måløy og installerte seg i Losjen. Dette var dei første tyske soldatane i Måløy. Seinare i 1940 kom det tysk hamnekaptein, tyske marinesoldatar og nye landsoldatar. Det var her konvoiane samla seg før dei gjekk nordover forbi Stad. Det vart bygd festningar på ulike stader i distriktet som skulle verne skipstrafikken mot britiske fly og krigsbåtar og vere ein del av beredskapen mot britisk invasjon. I slutten av 1941 var det stasjonert kring 300 tyske soldatar, innlosjerte i Ulvesunds Hotell, i Losjen, i Turnhallen og i forlegningsbrakker. Kyst- og luftvernsbatteri vart sett opp mellom anna på Moldøen.

Under krigen gjekk allierte styrkar i land i tyskokkupert område for å opprette provisoriske basar eller for å utføre bestemte oppdrag. Måløyraidet den 27.desember 1941 er ein av dei tre største operasjonane av dette slaget. Måløyraidet var svært dramatisk og er mykje omtala. Ein av dei som fall under angrepet var kaptein Martin Linge. Det var harde kampar og staden Måløy vart hardt råka. Sildeoljefabrikken, hermetikkfabrikken Nordfjord Preserving, dei største fiskemottaka, begge hotella og 20 bustadhus brann ned eller gjekk tapt. Fleire år gjekk før staden vart attreist og dei siste spora etter raidet vart fjerna.

Det er fleire krigsminne i Måløy sentrum, sjå objektliste og kart.

## Det store sildeeventyret

Den andre "gullalderen" til Måløy var i perioden frå 1947 til 1958. Eit slikt rikt sildefiske som det var då hadde dei ikkje sett maken til og skulle heller ikkje gjere det sidan. Desse åra vil for alltid bli ståande som det store sildeeventyret.

I løpet av nokre små hektiske veker på vinteren stimla tusen små og store fiskebåtar seg saman og fylte hamna i Måløy til trengsel. Opptil 10.000 fiskarar og fleire tusen sildelossarar strøymde til Måløy i desse vekene. Gatene i Måløy vart fylt, likeeins vart kino og kafear. Telegrafen hadde travle tider og dei tilreisande kjempa om dei lokale jentene på "snurpedans" i Turnhallen. På ny vart det ein veldig vekst i økonomien og Måløy blomstra.

Som eit resultat av den nye gullalderen trengde ein nye og større fiskebuder, fiskemottak og moderne fryselager. Langs hamna måtte stadig fleire av dei gamle fiskebudene vike plass for nye, store bygg. Bygga er klart inspirert av funksjonalismen.




**Figur 8. Fiskemottak for Måløy Fiskehandel og Einar Gotteberg si bud, Einarbuda**

Også andelen av fastbuande auka i Måløy og nye bustader vart bygd i raskt tempo oppover i bakkane mot fjellet. gt.2 vart anlagt på byrjinga av 50-talet.

Sildeeventyret kunne ikkje vare evig og alt i 1958 var det slutt, då var havet nærast svart. Det store krakket kom likevel ikkje. Måløyværingane hadde lært seg at dei trengde fleire bein å stå på. Det var vanleg at bedriftene eigde fleire båtar eller hadde andre forretningar. Dessutan hadde dei pigghåen, denne vart det trygge og sikre, i tillegg til anna fiske.

## Nye tider

Fram mot 70-talet var pigghåen den dominerande bærekrafta i Måløy sin økonomi. Mykje har endra seg frå den epoken tok slutt og fram mot i dag. Fleire av dei kjende fiskeeksportfirma som Skaar og co, Kvalheim og Co, Arnt og Simon Midtgaard, Einar Gotteberg osv. er vekke. Nokre som følgje av økonomiske problem, andre fordi det var ingen til å ta over. Det same har skjedd med ei rekkje bedrifter som tidlegare tente fiskebåtane: slippar, motorverkstader, skipshandlar og fiskeutstyrsforretningar. Samtidig har det kome nye næringar til, som til dømes fiskeoppdrett.

Nokre av dei gamle firma har likevel klart seg og er enno i same eigarskap som ved oppstart. Firda Canning er den bedrifta som har drive lengst under same eigarskap. Firmaet vart grunnlagt i 1913 av Audun Lem og Hans Søreide og er enno i eige av familien Lem. Tendensen er likevel at det vart stadig større einingar.

Domsteinskonsernet er eit anna døme på dette. Det heile starta i 1925 då bondeguten Rasmus Domstein tok over Vetvikbuda i Måløy etter konkursen til fiskepionerane Rasmus og Johan Vetvik. Sidan då har konsernet gradvis vakse og har i dag ei verdsomspennande verksemd. Bedrifta er familiestyrt og har halde fast ved Måløy som hovudbase. I 1993 ov ertok Domsteinskonsernet fiskebuda til Midtgaard-økonomiske og bygde ho om til administrasjonsbygg.



**Figur 9. Administrasjonslokalet til Domsteinskonsernet.**

Som følgje av at gamle næringar døyr ut og nye kjem til, er det ofte ei fornying i bygningsmassen. Eldre bygg vert rivne til fordel for nye, på godt og vondt. Arkitekturen på 60- og 70 talet er ofte blitt kritisert for ei manglande forståing for staden sin identitet og dimensjon. Det vil seie at nye bygningar vart reiste i moderne materiale og med bygningskomponentar utan å ta omsyn til eksisterande arkitektur og staden sin identitet. Eit døme på dette er bustadhuset til kjøpmann Ulf Lem og familie frå byrjinga av 1900-talet. I 1981 vart dette rive til fordel for nybygget "Fiskernes Hus" (biletet i midten under). På eldre bygg vart vindauge, panel og listverk bytt ut med moderne variantar og på denne måten skjedde det ei forsimpling av bygningsmiljø. Fleire av bygningane i gt. 1 som er

reist mellom 60- og 80-talet er påverka av etterkrigsmodernisme og har ikkje klart å ta omsyn til form eller storleik på den eldre bygningsmassen.



**Figur 10. T.v: Den norske bank, bygd 1976, bygning med brutalistiske trekk i form av betongoverflate og synlege kraftige betongbjelkar. I midten: Fiskernes hus. T.h: nybygg som ikkje tek omsyn til eldre bygningars form og storleik.**




**Figur 11. Døme på typisk bygg frå 60/70-talet som er sjeldan å sjå i norske tettstadar i dag.**

Frå slutten av 80-talet har det vore ei aukande interesse for byggeskikk og bygningskultur. Husa vert større, fasadane meir utbroderte og inspirasjon av tidlegare stilartar vert på ny populært.



**Figur 12: Døme på nybygg i sentrum som skapar mangfald på ein god måte.**

I 1974 vart Måløybrua opna av H.M. kong Olav V, og ein 55 år gammal draum om fastlandssamband vart ein realitet. Måløy har ei historie som står i særstilling i Sogn og Fjordane. Frå å vere ei lita bygd på slutten av 1800-talet vart staden ein av dei største hamnene i Noreg. Den økonomiske veksten var det hovudsakleg lokale frå enkle kår som sytte føre. Med basis i fiske vart bygda Skram til byen Måløy. Bebyggelsen i Måløy er prega av mindre, enkeltståande hus. Mellom dei små husa ser ein dei flottare og påkosta villaene, eit synleg vitnesbyrd om rikdomen som låg i havet (kapittelet er basert på følgjande litteraturkjelder: Berge og Borgundvaag 1991; Byggforvaltning 1995, 2009; Flo 1998, 2000, 2001, 2004, 2007, 2008; Hessevik 1998; Scheldrup og Brekke 1997; Starheim 2004; Starheim og Sølvberg 2003).

# 6. Objektliste - skildring av bygningsmiljø og einskilde kulturminne

## 6.1 Gate 1

På byrjinga av 1900-talet var den overordna strukturen i Måløy prega av tverrgåande teigar, frå fjell til sjø. Gardane låg oppe i bakkane, og i motsett ende, ved sjøen, låg pakkhus og sjøbuder. gt. 1, eller «Veien» som den då vart kalla, var det einaste langsgåande sambandet i bygda, den gjekk horisontalt, på innsida av sjøbudene. gt. 1 vart anlagt i 1902 og gjekk langs fjorden til Gotteberg. Skulle ein vidare til Raudeberg, måtte ein med båt. Etter kvart som den økonomiske utviklinga skaut fart, vart det ein hektisk byggeaktivitet i gata og mange bygg vart reist. Utover 20- og 30-talet voks Måløy gradvis fram knytt til gt. 1 og hamnefronten. Hamnebebyggelsen låg som konsentrerte kvartal på avgrensa kaiar og hopar med vertikale passasjar mellom gt.1 og sjøen, dette utgjorde eit overordna mønster. All kontakt mellom sjø og land gjekk på tvers via ei kai eller ei sjøbud, før ein kom til gt. 1, som var det langsgåande sambandet i bygda. I dag er det ikkje mykje att av denne overordna strukturen som prega Måløy fram mot etterkrigstida. Parallelle gater ligg oppetter bakkane og dei tverrgåande teigane er vekke. Ved Brunsvikhuset, Verlo-slippen og Eltevikhuset kan ein likevel kjenne att noko av det gamle mønsteret.

Gt. 1 har vore i stadig utvikling sidan ho vart anlagt i 1902. Gata har bevart sin status som hovudgate og nye bygg har stadig kome til. Mykje av den eldre bygningsmassen har gått tapt, anten som følgje av brann eller har blitt erstatta av nyare bygg. Ulike arkitektoniske stilartar er representerte, på godt og vondt. Mange bygningar er stilreine og eit visuelt uttrykk for tida dei vart bygde i, mens andre er ombygde og endra slik at det opphavlege uttrykket er vekke. Bygningane i gt.1 er prega av forretningar med store vindauger i underetasjen, retta mot publikum. Dette er frå tida då småskalahandel gjorde gt.1 til eit levande sentrum. Karakteristisk for mange av dei eldste bygningane er at dei er jekka opp, med nyare kjellarar bygde under. Dette vart gjort i tida før og etter 2.verdskrig, av ein lokal entrepenør.

Det er skilt ut fleire små bygningsmiljø i gt 1. Sidan gt.1 har eit mangfald av bygningar er gata delt inn i fleire små miljø, slik at ikkje nyare bygg forringar verdien. Bygningsmiljøa vert skildra først, sidan kjem einskilde objekt i gt.1.

**Bygningsmiljø 1**

Storparten av bygningane i den sørlege delen av gt. 1 brann ned under Måløyraidet. Etter krigen vart desse bygd opp på ny, tydeleg prega av tida dei vart reiste i. Fleire av bygningane er stilreine og har bevart stor grad av opphavleg uttrykk. Dette gjer at BM 1 har ein fin arkitektonisk heilskap.

Samla får BM 1 **middels verdi**, men eg gjer merksam på at dei einskilde bygningane har ulik verdivurdering. Berre bygg av kulturhistorisk interesse er skildra.



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 1 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 22, gbnr 113/57, 43 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1950 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak, krum betongtakstein, hogd skifer |
| Vindauge | Trerams-vindauge |
| Skildring: Enkel bygård med forretningslokale i underetg. Typisk for si tid og ein bygning som høver godt i bybiletet. Beheldt stor grad av autentisitet.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 2 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 13 A, gbnr 114/62 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1958 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: Enkel bygård med forretningslokale i underetg. Typisk for si tid og ein bygning som høver godt i bybiletet. Beheldt stor grad av autentisitet. Fine detaljar rundt inngangsparti og opphavleg vindauge i trappoppgangen.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 3 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 23, gbnr 114/65 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1952 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak, bølgjeblekk |
| Vindauge | Terams-vindauge |
| Skildring: Enkel bygård, typisk for si tid og ein bygning som høver godt i bybiletet. Bevart stor grad av autentisitet.<br>Holvik og Fagerlid Trykkeri heldt til her og Fjordenes Tidende vart trykt her fram til dei fekk eige bygg i 1976.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 4 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 25, gbnr 114/56 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1950 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Flatt tak |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: Hotell i funkisstil. Reist i staden for ærverdige Hagen Hotell, som brann under krigen. Bygningen stod ferdig i 1950, men er ombygd, utvida og modernisert fleire gonger. Status som turisthotell i 1977. I dag Nordlandia Måløy Hotel. Representativ for byggeperiode, men nyare påbygg gjer at det opphavlege uttrykket i stor grad er endra.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 5 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 31, gbnr 114/49 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1800-talet, 4.kvartal |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Trerams-vindauge, midtfelt utan sprosser |

Skildring: Enkelt bygg frå slutten av 1800-talet, bustad og forretningshus. Kjøpt av Bernt Drage. Mellom anna Clausen kafe heldt tidlegare til i underetg. Moderne vindauge gjer at bygningen har mista noko av sitt opphavlege uttrykk.
Ein av bygningane som vart jekka opp, har bevart karakteristisk inngangsparti frå 40/50-talet i underetg.

Tilstand: god

| | |
|---|---|
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 6 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 30, gbnr 114/49 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1948 |
| Kledning | Mur |
| Takform/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Trerams-vindauge |

Skildring: Hoddevikhuset. Enkel bygård, typisk for si tid og ein bygning som høver godt i bybiletet. Bevart stor grad av autentisitet. Fine, opphavlege detaljar i inngangsparti. Mellom anna Lilly Hoddeviks Konfeksjon heldt til her.

Tilstand: god

| | |
|---|---|
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 7 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 27, gbnr 114/53 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1876, ombygd i 1950 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Vippevindauge med sprossae |

Skildring: Den første telegrafstasjonen i Måløy heldt til i denne bygningen. Reist av telegrafstyrar Strømsøe. Bygningen var då mykje mindre og hadde berre ein etg. I 1950 vart bygningen bygd på og fekk forma den i dag har. Opplevelsesverdien til den tidlegare telegrafstasjonen er borte og bygningen har liten grad av autentisitet, likevel eit historieforteljande element som hevar verdien noko over liten.

Tilstand: god

| | |
|---|---|
| Verdivurdering | Liten/middels |




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 8 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 29, gbnr 114/55 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1948 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Valmtak, lite fall, krum betongtakstein |
| Vindauge | Trerams-vindauge |
| Skildring: Bustadhus og forretningsbygg i karakterisktisk funkisstil. Bevart stor grad av autentisitet. Tilhøyrde familien Lars Haugen. I dag held Måløy Radioforretning AS til her, bedrifta vart starta av Bjarne Osmundsvåg og Sverre Skibenes i 1940. Ei viktig forretning i Måløy som har fokus på skipselektronikk.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |

**Bygningsmiljø 2**
Eit lite bygningsmiljø inspirert av jugendstil. Bygd opp kring 1920-talet, mot slutten av den første store vekstperioden til Måløy. Bygårdane står fint saman og utgjer ein arkitektonisk heilskap. Samla får BM 2 **stor verdi**.



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 9 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, 35, gbnr 114/15 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1919 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak, krum teglstein |
| Vindauge | Jugendvindauge/krysspostvindauge |
| Skildring: Skibeneshuset. Bygård inspirert av jugendstil, fin miks av bustad og butikk. Bygningen er velhalden og har bevart stor grad av autentisitet, men med nyare påbygg på baksida.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 10 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 37, gbnr 114/16 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1920 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Jugendvindauge/krysspostvindauge |
| Skildring: Indreverhuset. Bygård inspirert av jugendstil, fin miks av bustad og butikk. Bygningen er velhalden og har bevart stor grad av autentisitet.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |

**Bygningsmiljø 3**

I byrjinga, då Måløy voks fram, gjekk all kontakt mellom sjø og land gjekk på tvers via ei kai eller ei sjøbud, før ein kom til gt. 1, som var det langsgåande sambandet i bygda. Det vanlege var at forretningar hadde fasade ut mot gt.1 og hadde lager og sjøbud bak, mot sjøen. Ein kunne gå frå forretninga til lager og sjøbud for å losse og skipe ut varer. I dag er det ikkje mykje att av denne strukturen, men ved Brunsvikhuset er dette bevart. Her heng sjøbud og lager saman med forretninga. Kaibutikken ved sidan av Brunsvikbuda er av noko nyare dato, men saman med Brunsvikbuda utgjer dei ein fin fasade mot sjøen. Fram på 2000-talet stod også Hagevikbuda her, ved sidan av Brunsvikbuda. Denne vart diverre riven.

Samla får BM 3 **stor verdi**, men eg gjer merksam på at dei einskilde bygningane har ulik verdivurdering.



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 11 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 36, gbnr 114/12 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390305007, kode raud |
| Datering | 1800-talet |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Jugendvindauge/kysspostvindauge |
| Skildring: Brunsvikhuset, sett opp av Reiel Eldevik i 1910, som henta bygning frå Osmundsvåg og bygde på ein etasje. Opphavleg bygd som meieri, men aldri nytta som det. Overteke av Brunsviks Eft. i 1919, vart då nytta som forretningsbygg. Noko av det autentiske preget over bygget er vekke med nye vindauge og tak, og med baldakin horisontalt over 1.etg. Likevel eit viktig historieforteljande element, og saman med sjøbuda er bygningen i ei særstilling. Ein av bygningane som vart heva og påbygd kjellar.<br><br>Tilstand: middels god/god | |
| Verdivurdering | Stor |




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 12 |
| Adr/ gbnr | Gt 1 36, Sjøfront, 114/12 |
| Type kulturminne | Sjøbud |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390305008, kode raud |
| Datering | 1910 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Tak/tekke | Saltak, kum teglstein |
| Vindauge | Empirevindauge |
| Skildring: Brunsvikbuda, ei av dei eldste sjøbudene bevart i Måløy, med stor grad av autentisitet. Viktig historieforteljande element.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 080, 013 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront, gbnr 114/12 |
| Type kulturminne | Bygning/næring |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1960 |
| Skildring: Skur. Saman med Brunsvikbuda utgjer den ein fin front mot sjøen. Kaibutikken held til bak skuret.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |

**Bygningsmiljø 4**

Bygningsmiljø 4 utgjer ei lita samling bygg frå byrjinga av 1900-talet, gruppa er utan særleg innblanding av moderne bygningar. Bygningsmassen kler kvarandre visuelt sett. Heradsheimen er ein monumental bygning, som syner kvar makta i bygda var plassert. Sundehuset følgjer opp det monumentale inntrykket og har i dag fri utsikt mot sjøen. Dei øvrige bygga er stilreine og ein synleg del av Måløy si historie tilbake til 1920/1930-talet.

Samla får BM 4 **stor verdi**, men eg gjer merksam på at dei einskilde bygningane har ulik verdivurdering.



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 14 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 53, gbnr 115/15 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 143906001, kode gul |
| Datering | 1915 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Mansardtak med heilvalm og svai, hogd skifer |
| Vindauge | Jugendvindauge/krysspostvindauge |
| Skildring: administrasjonsbygg i jugendstil. Bygd i samband med at Sør-Vågsøy vart eigen kommune, både post og telegraf heldt til her. Bygningen framstår i dag som velhalden og monumental, og er eit viktig historiefortellande element i Måløy sentrum. Ein av bygningane som vart jekka opp og fekk påbygd kjellar.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |



| Reg. objekt nr | 15 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 51, gbnr 115/5 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390306013, kode gul |
| Datering | 1858 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Empirevindauge |
| Skildring: Sundehuset. Kristen J. Sunde flytta til Måløy i 1888 og var ein av dei første som starta handel i Skramsbygda. Sunde kjøpte huset i 1895 av Ole Schmidt (eigar av handelstaden på Moldøen). Sunde hadde viktige tillitsverv og var den første ordføraren i Sør-Vågsøy kommune frå 1910. Bygningen husa mellom anna Måløys første meieri som opna i 1923. Bygning i klassisistisk stil. Karakteristisk for si tid og bygningen framstår med stor grad av autentisitet, sjølv med eit lite tilbygg i søndre ende. Ein av bygningane som vart jekka opp og fekk påbygd kjellar. Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |



| Reg. objekt nr | 16 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 48,gbnr 115/212 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390306009, kode gul |
| Datering | 1922 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Pyramidetak, hogd skifer |
| Vindauge | Smårutete |
| Skildring: Forretningsbygg «Hjorten». Bygd av bakar Joh. Paulsen, bakeri i 1.etg. Paulsen hadde tidlegare eit trehus, dette brann under Firdabrannen i 1917 og reiste denne bygningen i staden. Bygningen har beheldt ein del av det opphavlege uttrykket og framstår som eit flott bygg i Måløy sentrum. Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels/stor |




| Reg. objekt nr | 17 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 50, gbnr 115/41 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390306010, kode gul |
| Datering | 1917 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak med svai, krum betongtakstein |
| Vindauge | |
| Skildring: Lagerbygg, Kraftstasjonen. Måløy fekk elektrisitet ved Per Drages private elektrisitetsverk. Ein del av bygningen (som vender mot gt.1) vart rive ved utviding av gt.1. Fine detaljar rundt inngangsparti, uheldig veranda i aust. Viktig historieforteljande element i Måløy. Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels/stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 18 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 55b, gbnr 115/2 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1917 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak med svai, krum takstein |
| Vindauge | |
| Skildring: Bygd på murane til Johnsens Hotell av Per Drage. Han hadde her m.a. Drages Tekniske skole. Drage hadde også filmframsynar og viste filmar i bygningen, Moldøen Kino. Viktig historieforteljande element i Måløy.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels/stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 19 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 52, gbnr 115/27 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1929 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Mansardtak, krum takstein |
| Vindauge | Smårutete |
| Skildring: Fint bygg med enkle og reine linjer. Dessverre har ikkje den nyare bygningen ved sidan av kvalitetar som høver til denne.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |

**Bygningsmiljø 5**

Bygningsmiljø 5 utgjer ei samling mindre bustadhus. Dessverre har to av bygningane mista stor grad av autentisitet, noko som reduserer verdien på dei einskilde objekta og på det samla miljøet. Det er likevel bygningar som vart bygd opp på byrjinga av 1900-talet og som er eit historieforteljande element i Måløy.

Samla får BM 5 **liten verdi**, men eg gjer merksam på at dei einskilde bygningane har ulik verdivurdering.



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 20 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 82, gbnr 116/25 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1907 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Krysspostvindauge |
| Skildring: Lødøenhuset. Enkelt bustadhus i sveitserstil frå 1907. Restaurert og i god stand, framstår som ein fin bygning, men med påbygg som reduserer det opphavlege uttrykket til bygningen.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 21 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 80, gbnr 116/18 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1907 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Takform/tekke | Saltak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Ulike variantar |
| Skildring: Sumdstadhuset. Ingebrikt Sumstad starta Sumstad Bakeri i 1915, i bygningen var det bakeri i kjellaren og utsal i 1.etg. Enkelt bustad/forretningshus. Restaurert og ombygd slik at opphavleg uttrykk er nesten heilt vekke.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 22 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 84, gbnr 116/22 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1800-talet, 4.kvartal |
| Kledning | Murplater |
| Takform/tekke | Saltak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Ulike variantar |
| Skildring: Tilhøyrde familien Tennebø. No Tennebø Rørhandel. Rørhandel har vore i bygget sidan byrjinga av 1900-talet. I kjellar er verkstad og ese, jordgolv. Det opphavlege uttrykk er i stor grad vekke grunna ny kledning, vindauge og tak. Likevel eit historieforteljande element i Måløy.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |

**Bygningsmiljø 6**
Som i bygningsmiljø 3, er noko av den opphavlege strukturen frå byrjinga av Måløy sin fiskerihistorie bevart. Det er eit lite brot mellom bustad/ forretning og sjøbud, men den overordna strukturen er bevart. Begge objekta er av stor verdi.

Samla får BM 6 **stor verdi**.



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 23 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 98, gbnr 116/474 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1927 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Mansardtak, hogd skifer |
| Vindauge | Jugendvindauge/krysspostvindauge |
| Skildring: Eltevikhuset. Samvirkelaget, avd. nord, hadde avdeling i underetg, Flott, velhalde bygg i klassisk jugendstil. Eit av dei få stilreine jugendbygga i Måløy. Plater i eternitt på søndre kortvegg er noko skjemmande. Uheldig tilbygg i nordre kortside. I dag i eige av fam. Gjervik.<br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |





| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 070, 24 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront, 116/57 |
| Type kulturminne | Sjøbud/nottørke |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1927 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd, bølgjeblekk |
| Takform/tekke | Saltak, bølgjeblekk |
| Skildring: Eltevikbuda, med nottørke i front. Ei av få sjøbuder frå denne tidsperioden att i Måløy.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |

**Bygningsmiljø 7**

Bygningsmiljø 7 utgjer ei samling murbygningar som står, visuelt sett, godt til kvarandre. Turnhallen og objekt nr 26 har også ei historie som knyter bygga saman.

Samla får BM 7 **middels verdi**, men eg gjer merksam på at dei einskilde bygningane har ulik verdivurdering.



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 25 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, gbnr 117/29 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1922 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak, krum takstein |
| Vindauge | |
| Skildring: Turnhallen eller «Friheim». Opphavleg forsamlingshus for div organisasjonar, turnarar frå Måløy idrettslag, songkor, musikklag og ungdomslag, samt kino. I dag vert bygningen kalla Kulturhuset Friheim og det er stor aktivitet i bygget.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 26 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, gbnr 117/7 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1928 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Valmtak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Trerams-vindauge |
| Skildring: Oldeidehuset. Bygning i funkisstil, bygd og eigd av byggmeister Oldeeide, som også bygde Sætremyrhuset og huset til Rasmus Domstein. Bygningen har bevart sitt opphavlege uttrykk. Bustad i dei øvste etasjane, i underetg. har ulike forretningar halde til, mellom anna Kitty bar. Populært å vitje etter kinoførestillingar i Turnhallen.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 040, 27 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 116 G, gbnr 117/117,319 |
| Type kulturminne | Teknisk/industrielt |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1956/1957 |
| Skildring: Odd Fellow gården. Tidlegare stormeieri for 6 kommunar. Her har elles vore vaskeri, kafe, bustad og kontor. Bygning typisk for si tid, men ikkje med særskilde arkitektoniske kvalitetar.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |

## Einskilde objekt i gate 1



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 28 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 19, gbnr 113/68 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1929 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Valmtak, krum teglstein |
| Vindauge | Moderne variant |
| Skildring: Murvilla i nyklassisistisk stil, stor grad av autentisitet. Tidlegare bustad for forretningsfamilien Skaar. Lokale for forretning i underetg., store vindauge vender mot gate 1. Einaste hus att etter det gamle bustadmiljøet rundt brufestet på Sæternes. Fine opphavlege detaljar på baksida.<br><br>Tilstand: middels, prega av å ikkje vere i bruk. | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 29 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 20, gbnr 113/53 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1928 |
| Kledning | Eternittplater |
| Takform/tekke | Valmtak med svai, krum betongtakstein |
| Vindauge | Mellom anna torams-vindauge |
| Skildring: Bustadhus for familien Myhre, med lokale for forretning i underetg., Villa i nyklassisistisk stil, men nyare kledning, vindauge og tak gjer at bygningen har mista stor grad av sitt opphavlege uttrykk. I dag har bedrifta Brødrene Myhre AS kontorlokale her.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |



| Reg. objekt nr | 30 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 33, gbnr 114/10 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1890 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Trerams-vindauge |
| Skildring: Bygning i enkel sveitserstil, var opphavleg større med utspring i front. Dette måtte rivast då gt. 1 vart utvida. Bygget var Måløys første gjestgjevarhus og vart kjøpt av Drage i 1935. Eit av få bygg av denne typen i gt.1, men liten grad av autentisitet bevart. Historia som gjestgjevarhus hevar verdien noko over liten. Ein av bygningane som vart jekka opp og fekk påbygd kjellar, då vart det også flytta fram.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |




| Reg. objekt nr | 31 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 32, gbnr 114/30 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1918 |
| Kledning | Betongplater |
| Takform/tekke | Mansardtak med svai, hogd skifer |
| Vindauge | Krysspostvindauge |
| Skildring: Bygning i jugendstil. Uheldig kledning øydelegg bygningens opphavlege uttrykk, verandaen i 2.etg kler heller ikkje bygningen. Tilhøyrde fam Olaf Henden. Moglegheit for restaurering hevar verdien noko over liten.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |



| Reg. objekt nr | 32 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 41, gbnr 114/14 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr: 14390305006, kode gul |
| Datering | 1920 |
| Kledning | Mur, eternittplater |
| Takform/tekke | Mansardtak, hogd skifer |
| Vindauge | Moderne, vippevindauge |
| Skildring: Monumental bygning i jugendstil. Bygd av Ulvesunds kredittbank, kalla «Framsteg». Overtatt av kommunen då banken gjekk konkurs i 1929. Etter dette nytta som kontorlokale, bustad og butikk. Står no tomt. Bygget er prega av slitasje og uheldige utbetringar, dette trekkjer ned verdien noko. Dette er likevel eit av dei mest karakteristiske bygga i sentrum og eit viktig historieforteljande element. Under Måløyraidet søkte folk tilflukt i kjellaren.<br><br>Tilstand: middels god. | |
| Verdivurdering | Middels/stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 33 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 42, gbnr 114/18,129 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1905 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Halvvalmtak med svai, hogd skifer |
| Vindauge | Jugendvindauge/krysspostvindauge |
| Skildring: Velhalden bygning i ein blanding av sveitser- og jugendstil, forretningslokale i 1.etg. Høyrde til familien Peder Midthjell. Solveig Scmidt Egeberg, ein av dei første kvinnelege tannlegane i Noreg, hadde praksis her frå 1916. Apotek Måken, Måløys første apotek, heldt tidlegare til her. Bygningen har ikkje påbygg og bevart nokre opphavlege detaljar, likevel også synlege moderne element og bygningen er ikkje heilt stilrein. Likevel eit viktig historieforteljande element. <br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 34 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 44, gbnr 114/8 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1904 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Krysspostvindauge |
| Skildring: Enkel sveitserstil, med uheldig tilbygg. Erik Fønstelien hadde forretning her, manufaktur, dame- og herrekonfeksjon, bok- og papirhandel og kortevarer. Bygningen er karakteristisk for si tid, men har påbygg og nyare detaljar. Ein av bygningane som vart jekka opp og påbygd kjellar. <br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 35 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 49, gbnr 115/16 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390306012, kode gul |
| Datering | 1915 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Mansardtak, krum takstein |
| Vindauge | Moderne variant, vippevindauge |
| Skildring: Tidlegare Holviks pensjonat, ombygd arbeidarbustad for tilsette ved hermetikkfabrikkane. I dag Torget Hotel. Bygningen er nyleg restaurert, og har mista stor grad av opphavleg preg. Ein dominerande veranda på framsida reduserer opplevingsverdien og synlege element, som vindauge, er bytt ut med moderne variantar. Bygningen er likevel eit historieforteljande element i byen. <br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 36 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 70 og 72, gbnr 116/399, 76 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390307003, kode gul |
| Datering | 1904 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Krysspostvindauge |
| Skildring: Stensliebygningane, bygd av Ulf Lem. Ulvesund Kredittbank etablerte seg her i 1913, mellom anna meieriutsal i underetg. Bygning i enkel sveitserstil, typisk for Måløy sentrum på byrjinga av 1900-talet. Framstår med eit fint uttrykk, trass uheldig baldakin som deler bygget horisontalt på midten og skjemmande påbygg på baksida. Ein av bygningane som vart jekka opp og fekk påbygd kjellar.<br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 37 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 74, gbnr 116/109 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1927 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Valmtak |
| Vindauge | Torams-vindauge |
| Skildring: Bustadhus til Bjørn Lem, son til Ulf Lem. Også forretningsbygg, m.a. Måløy Tollkontor heldt til her. Sumstadbakeri kjøpte bygningen i 1946 og opna mellom anna Måløys første konditori, Lilja Konditori. Dette vart eit viktig samlingspunkt i bygda.<br>Bygning i funkisstil, enkle og reine liner. Framstår med stor grad av autentisitet og høver godt i bybiletet.<br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 38 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 78, gbnr 116/98 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1933 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Ulike typar |
| Skildring: Bustadhus tilhøyrande Rasmus Domstein og familie. Ein blanding av stilartar og nyare påbygg gjer at bygningen framstår som lite stilrein og med liten grad av opphavleg uttrykk.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 39 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 86, gbnr 116/448 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390308007, kode gul |
| Datering | 1917 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Jugendvindauge/krysspostvindauge |
| Skildring: Forretningsbygg som tilhøyrde brødrene Arnt og Simon Midtgaard. Bygd i blanding av jugend- og sveitserstil, framstår i dag som velhalde, men med synlege moderne element, som taktekke. Likevel eit viktig historieforteljande element.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 40 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 83, gbnr 116/24 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390307006, kode gul |
| Datering | 1800-talet, 4.kvartal |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, krum teglstein |
| Vindauge | Moderne variant av empire |
| Skildring: Wiikhuset. Enkelt bustadhus, karakteristisk for Måløy rundt førre århundreskifte. Historieforteljande element om «vanlege folk» sine kår på 1800/1900-talet. Velhalde, men noko av det autentiske preget over bygget er vekke ved moderne vindauge, men storleiken på opningane er opphavlege.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 41 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, gbnr 116/41 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1923 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Spissbogevindauge |
| Skildring: Måløy bedehus, bygd av indremisjonsforeininga etter teikningar av emmisser og byggmeister Andreas Sande. Huset vart vigsla av sokneprest Johan Martin Wisløff i 1923.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 42 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 100, gbnr 116/96 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1933 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Moderne variant |
| Skildring: bustadhus/forretningsbygg frå før 2.verdskrig. Heimebakeri i 1.etg. Uheldig påbygg i søndre kortvegg og bygget ved nordre kortside følgjer ikkje opp den opphavlege, stilreine bygningen.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 43 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 109, gbnr 116/61 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390308004, kode raud |
| Datering | 1800-talet, 4.kvartal |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Takform/tekke | Saltak, takpapp |
| Vindauge | Trerams-vindauge |
| Skildring: Enkelt bustadhus, karakteristisk for Måløy rundt førre århundreskifte. Historieforteljande element om «vanlege folk» sine kår på 1800/1900-talet. Har liten grad av autentisitet att med endra storleik på vindaugsopning og moderne taktekke.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 44 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 111, gbnr 116/72 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Før 1935 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Takform/tekke | Mansardtak med halvvalm og svai, hogd skifer |
| Vindauge | Trerams-svindauge |
| Skildring: Bustadhus inspirert av jugendstil, men ikkje særskilt stilrein eller tidstypisk, og med synlege moderne element som vindauge.<br>Frelsesarmeen hadde møtelokale i kjellaren fram til dei fekk eige bygg på 70/80-talet.<br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 45 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 106, 116/62 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1927 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: Stensakerhuset. Velhalde og stilreint murhus, men ikkje med særskilde kvalitetar som aukar verdien over middels. Uheldig bygg ved søndre kortvegg.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 46 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 115, 116/29 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1911 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: Lotehuset. Rørleggjar Lote heldt til her. Moderne vindauge, i auka vindaugsopning, bryt med opphavleg stil.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/ Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 47 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 117, gbnr 116/28 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1928 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Halvvalmtak, krum takstein |
| Vindauge | Vippevindauge, trerams-vindauge |
| Skildring: Totlandhuset. Ikkje stilmessig rein eller representativ for epoken. Synlege moderne element som vindauge og tak, gjer at bygningen framstår med liten grad av autentisitet.<br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 48 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 92, gbnr 116/93 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1933 |
| Kledning | Betongplater |
| Takform/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Jugendvindauge/krysspostvindauge |
| Skildring: Sætremyrhuset. Funkis-inspirert bygningskropp med jugendvindauge, ein uheldig kombinasjon som gjer at bygningen framstår som lite stilrein. Uheldig kledning. Tilstand: middels god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 49 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 127, gbnr 117/11 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1907 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Vippevindauge, krysspostvindauge |
| Skildring: Barmenhuset. Enkelt bustadhus, karakteristisk for Måløy rundt førre århundreskifte. Historieforteljande element om «vanlege folk» sine kår på 1800/1900-talet. Velhalde, men noko av det autentiske preget over bygget er vekke ved moderne vindauge. Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/ middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 50 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 129, gbnr 117/134 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Etter 1953 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: Enkel murgård, tidlegare Måløy Gjestehus. Har ikkje særskilde arkitektoniske kvalitetar, men har liten verdi som tidlegare gjestehus. Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 51 |
| Adr/ gbnr | Gt 1 nr 118, 117/48 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Før 1929 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Valmtak med svai, krum betongtakstein |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: Murgård med uheldig tilbygg, bygningen framstår som asymetrisk og rotete. Påbygd i 1953. Nordre del av bygningen har likevel bevart ein kjerne av verdi.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 52 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 133, gbnr 117/8 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 1439039010, kode gul |
| Datering | 1900-talet, 1.kvartal |
| Kledning | Eternittplater (etterlikning trepanel) |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Trefagsvindauge |
| Skildring: Enkelt bustadhus, karakteristisk for Måløy rundt førre århundreskifte. Historieforteljande element om «vanlege folk» sine kår på 1800/1900-talet. Synlege moderne element som vindauge og endra storleik på vindaugsopningane, trekkjer ned verdien.<br><br>Tilstand:god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 53 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 122, gbnr 117/22 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1930 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd, glattpussa mur på nordre kortvegg |
| Takform/tekke | Mansardtak med svai, hogd skifer |
| Vindauge | Vippevindauge, torams-vindauge |
| Skildring: Steffenhuset. Bustadhus inspirert av jugendstil. Moderne vindauge gjer at bygningen mistar noko av sitt opphavlege uttrykk. Opphavleg murbygg, kledd med trepanel i ettertid.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 54 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 137, gbnr 117/217 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1924 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Mansardtak, hogd skifer |
| Vindauge | Ulike moderne variantar |
| Skildring: Bustadhus inspirert av jugendstil, uheldig med ulike moderne vindauge. Uheldig veranda. Liten grad av autentisitet att.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 55 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 139, gbnr 117/9 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 1439039001, kode gul |
| Datering | 1907 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | To- og trerams-vindauge, vippevindauge |
| Skildring: Bustadhus, ikkje særskilt stilreint eller typisk for tidsepoken, og med moderne vindauge. Liten grad av autentisitet att.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 56 |
| Adr/ gbnr | Gt 1,nr 141, 117/54 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1936 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Trerams-vindauge |
| Skildring: Edvartsenhuset, stilrein bygning i funkisstil, framstår med stor grad av autentisitet.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |

## 6.2 Gate 2 (einskilde bygg i gate 1)

Busetnaden i Måløy ligg på rekkjer oppover i lia. Etter kvart som Måløy voks, vart fleire gater etablert oppover bakkane. Dei ulike gatene speglar difor i stor grad ulike tidsepokar. gt. 2 vart anlagt på byrjinga av 1950-talet, men det var spreidd busetnad her før den tid. Bygningsmassen er dermed i stor grad frå 50-talet eller eldre og dette ser ein tydeleg att i arkitekturen. Mange bygg er prega av funksjonalismen eller etterkrigsmodernismen som beheldt mange av trekka til den klassiske funksjonalismen.

**Bygningsmiljø 9**
Langs gt. 2, i den sørlege delen, er ei rekkje bustadhus. Bustadrekkja vart anlagt kring 1920 og vart då kalla «Lisjeveien». Arkitektonisk har ikkje dei einskilde bygga noko særleg verdi, då bygningane har liten grad av autentisitet att. Samla utgjer likevel bygningane ein heilskap. Busetnaden fortset bak (vest for) rekkja, såleis inngår bygningsmiljøet også i ein større samanheng.

Samla verdivurdering på miljøet er **liten verdi**, men eg gjer merksam på at dei einskilde bygningane har ulik verdivurdering.



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 57 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 15, gbnr 114/22 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1920 |
| Kledning | Saltak trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Ulike typar |
| Skildring: Villa inspirert av sveitserstil. Tilhøyrde Holvik, han dreiv trykkeri og gav m.a. ut Fjordenes Tidende. Bygningen måtte få ny støttemur ved bygging av Måløybrua. Synlege moderne element, som vindauge, reduserer det opphavlege uttrykket til bygningen.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 58 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 17, gbnr 114/28 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1920 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Ulike moderne typar |
| Skildring: Synlege moderne element, som vindauge, reduserer det opphavlege uttrykket til bygningen.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 59 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 19, gbnr 114/29 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1934 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Valmtak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Moderne vindauge |
| Skildring: villa i funkisstil, karakteristisk bygningskropp og tak, med hjørnevindauge. Synlege moderne element, som vindauge og tak, reduserer det opphavlege uttrykket til bygningen.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 60 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 21, 114/27 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1932 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Valmtak, krum teglstein |
| Vindauge | Moderne vindauge |
| Skildring: villa i funkisstil, karakteristisk bygningskropp og tak, med hjørnevindauge. Synlege moderne element, som vindauge og grunnmur, reduserer det opphavlege uttrykket til bygningen.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 61 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 23, gbnr 114/26 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1920 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Halvvalmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Funkisvindauge (torams) |
| Skildring: Synlege moderne element, som vindauge, reduserer det opphavlege uttrykket til bygningen.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 62 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 25, gbnr 114/25 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1920 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Mansardtak med halvvalm med svai, hogd skifer |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: bustadhus inspirert av jugendstil. Vippevindauge reduserer det opphavlege utrykket.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 63 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 29, gbnr 115/26 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1935 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Funkisvindauge (to- og trerams) |
| Skildring: Verlohuset. Villa i funkisstil, karakteristisk bygningskropp og tak, med hjørnevindauge. Større grad av autentisitet enn resten av bustadrekkja.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |

**Bygningsmiljø 10**

Bustadområde med fleire bygningar frå før 1953. Fleire av bygningane har bevart ein god del av det opphavlege uttrykket og framstår som tidstypiske. Likevel har dei fleste bygningane synlege moderne element som reduserer autentisiteten til dei einskilde bygningane og til miljø et som heilskap. Den opphavlege bustadstrukturen er godt bevart, særleg den nordre delen, med dei karakateristiske stiane som går vertikalt mellom husa frå gt.1 til. gt 2.

Samla verdivurdering er **middels verdi**. Eg gjer merksam på at dei einskilde objekta har ulik verdivurdering (eigedom 115/64 er ikkje vurdert, då den er av nyare dato og utan kulturhistorisk interesse).



**Figur 13. Vertikale stiar i BM 10.**




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 64 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 20, gbnr 115/39 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1949 |
| Kledning | Horisontalt trepanel |
| Tak/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Funkisvindauge (to- og trerams) |
| Skildring: villa i funkisstil, karakteristisk bygningskropp og tak, med hjørnevindauge. Nyare påbygg/veranda i sør reduserer det opphavlege uttrykket noko. Står fint til dei andre bygningane i bygningsmiljøet.<br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 65 |
| Adr/ gbnr | Fv 617, nr 12, gbnr 115/23 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1931 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Saltak og hogd skifer |
| Vindauge | Jugend/krysspostvindauge |
| Skildring: villa i særeigen stil. Moderne karnapp og vindauge, men står fint til dei andre bygningane i bygningsmiljøet.<br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 66 |
| Adr/ gbnr | Fv 617, nr 10, gbnr 115/25 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1932 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Mansardtak med halvvalm og svai, hogd skifer |
| Vindauge | Krysspostvindauge |
| Skildring: villa inspirert av jugendstil. Ikkje heilt stilrein og med moderne karnapp, men står fint til dei andre bygningane i bygningsmiljøet.<br>Tilstand: god. | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 67 |
| Adr/ gbnr | Fv 617, nr 8, gbnr 115/29 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1933 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Tak/tekke | Valmtak, hogs skifer |
| Vindauge | Funkisvindauge (to- og trerams) |
| Skildring: villa i funkisstil, karakteristisk bygningskropp og tak og med asymmetrisk plassering av vindauge. Frøysahuset, tannlege Olav E. Frøysa hadde huset som bustad og tannlegekontor i ei årrekkje. Fleire påbygg gjer at bygningen har mista noko av autentisiteten sin, men står fint til dei andre bygningane i bygningsmiljøet.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 68 |
| Adr/ gbnr | Fv 617, nr4, gbnr 115/22 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1927 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Saltak med svai, krum teglstein, glassert |
| Vindauge | Ulike typar (vippevindauge med og utan sprosser) |
| Skildring: Føleidhuset, teikna av arkitekt Muri. Nyleg restaurert, men står fint til dei andre bygningane i bygningsmiljøet.<br><br>Tistand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 69 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 106, 115/58 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1954 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Tak/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | To- og tre-ramsvindauge |
| Skildring: Murgård i enkel stil. Kombinasjon av bustad og forretningslokale. Mathias Hjelle hadde skreddarverkstad her. Eit av få murbygg og forretningslokale i gt 2. Framstår med stor grad av autentisitet.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 70 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 24, 115/32 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1936 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Valmtak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: villa i funkisstil. Nyare vindauge og tak, men opphavleg uttrykk er likevel til ein viss grad bevart. Ikkje særskilde kvalitetar som hevar verdien.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |





| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 71 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 28, 115/34 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1937 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Tak/tekke | Valmtak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Trerams-vindauge |
| Skildring: villa i funkisstil. Mista stor grad av opphavleg uttrykk ved ulike påbygg og moderne tak.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 72 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 30, gbnr 116/103 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1935 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Valmtak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Ulike typar |
| Skildring: villa i funkisstil. Mista stor grad av opphavleg uttrykk ved ulike påbygg og moderne tak.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 73 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 67, gbnr 115/24 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1931 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Empirevindauge |
| Skildring: villa i klassisistisk stil. Påbygg på baksida, men fronten har bevart sitt opphavlege uttrykk.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 74 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, 116/106 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1939 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Tak/tekke | Valmtak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Torams-vindauge, vippevindauge |
| Skildring: villa i funkisstil, beheldt ein del av opphaveleg uttrykk, men med med nytt tak. Står fint til dei andre bygningane i bygningsmiljøet.<br><br>Tilstand: middels god | |
| Verdivurdering | Liten/ middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 75 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 61, gbnr 115/14 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1917 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Valma mansardtak med svai, hogd skifer |
| Vindauge | Krysspostvindauge |
| Skildring: Berntsenhuset. Velhalden bygning i enkel sveitser/jugendstil. Bustad over forretningslokale i underetg. med store vindauge retta mot gt 1, typisk for ei tid med småskalahandel. Karakteristisk for si tid og har bevart noko av sitt opphavlege uttrykk, sjølv med ulike påbygg.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| Reg. objekt nr | 76 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 63, gbnr 115/32 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1915 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Ulike typar med småruter |
| Skildring: Velhalden bygning i enkel sveitserstil. Bustad over forretningslokale i underetg. med store vindauge retta mot gt. 1, typisk for ei tid med småskalahandel. Karakteristisk for si tid og har bevart noko av sitt opphavlege uttrykk, sjølv med ulike påbygg, moderne vindauge og endra storleik på vindaugsopning.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdi | Liten/ middels |



| Reg. objekt nr | 77 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 65, gbnr 116/34 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1907 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | T- postvindauge |
| Skildring: Velhalden bygning i enkel sveitserstil. Bustad over forretningslokale i 1.etg med store vindauge retta mot gt. 1, typisk for ei tid med småskalahandel. Fjordenes Tidende hadde trykkeri her fram mot 2.verdskrig. Karakteristisk for si tid og har bevart noko av sitt opphavlege uttrykk, sjølv med ulike påbygg.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdi | Middels |

## Bygningsmiljø 11

Som bygningsmiljø 10, framstår dette som karakteristisk for Måløy, med hus på rekkjer og dei karakteristiske stiane som går vertikalt mellom husa og knyter gt. 1 og gt. 2 saman. Ein del av bygningsmassen er frå før 1953, men fleire bygningar er frå nyare tid og isolert sett av lita kulturhistorisk interesse. Fleire av dei eldre bygningane er også ombygde og modernisert og ikkje alltid like stilreine.

Dette er bakgrunnen for at bustadmiljøet samla sett får **liten til middels verdi**. Eg gjer merksam på at enkelte bygningar (i gt. 1) har individuelt stor verdi.



**Figur 14. Vertikale og horisontale stiar i BM 11**

Under følgjer ein detaljgjennomgang av utvalde bygningar (først bygningar i gt. 1). Utvalet er først og fremst gjort på bakgrunn av alder og grad av autentisitet



| Reg. objekt nr | 78 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 91, gbnr 116/15 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390308005, kode gul |
| Datering | 1898 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Krysspostvindauge |
| Skildring: Enkelt hus frå slutten av 1800-talet. Skreddar Mons Torheim heldt til her. Fasadeendringar reduserer det opphavlege uttrykket, men likevel eit historieforteljande element.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdi | Middels |



| Reg. objekt nr | 79 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1 nr 93, gbnr 116/63 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390308008, kode gul |
| Datering | 1800-talet, 4. kvartal |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel (eternittplater på ark) |
| Takform/tekke | Saltak, raude takplater |
| Vindauge | Krysspostvindauge, torams-vindauge |
| Skildring: Bustadhus frå slutten av 1800-talet. Tilhøyrde skomakar Mathias Årdal, skomakarverkstad på loftet.<br>Noko prega av forfall, men har bevart stor grad av autentisitet og har ein fin karakter og særpreg.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 80 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 97, 116/466 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390308006, kode gul |
| Datering | 1907 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Takform/tekke | Saltak, krum takstein |
| Vindauge | Moderne variant av empirevindauge |
| Skildring: Reitenhuset. Enkelt bustadhus, karakteristisk for Måløy rundt førre århundreskifte. Historieforteljande element om «vanlege folk» sine kår på 1800/1900-talet. Mista stor grad av sitt opphavlege uttrykk ved nytt tak og nye vindauge.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 81 |
| Adr/ gbnr | Gt1, nr 99, 116/90 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1928 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, bølgeblikk |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: Eksundhuset, bustad inspirert av sveitserstil. Mista stor grad av autentisitet grunna moderne vindauge og tak.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Liten |





| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 82 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, 116/36 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1933 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Trerams-vindauge, midtfelt utan sprosser |
| Skildring: Iversenhuset, velhalden villa. Ikkje stilrein eller representativ for epoken, og med moderne vindauge. Likevel eit karakteristisk bygg som står fint til Losjen.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 042, 83 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, gbnr 116/35 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1915-1916 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | |
| Skildring: Losjen. Det eldste murhuset i Måløy.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 84 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 52, gbnr 116/110 |
| Type kulturminne | bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1928 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Takform/tekke | Flatt tak |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: funkisbygning med autentisk preg.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 85 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 72, gbnr 116/94 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1949 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak, betongtakstein |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: Bustadhus i mur. Framstår som stilrein, men med moderne vindauge og tak.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 86 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 66, gbnr 116/108 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1934 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Takform/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: Villa i enkel funkisstil. Bevart ein kjerne av opphavleg uttrykk, sjølv med nyare vindauge.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 87 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 70, gbnr 116/99 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1935 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Valmtak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Trerams-vindauge |
| Skildring: Villa i funkisstil. Opphavlege vindauge, men listverk i sveitserstil. Også moderne veranda og nytt taktekke.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 88 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, gbnr 116/54 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1920 |
| Kledning | Eternittplater, glattpussa mur |
| Takform/tekke | Mansardtak med svai, hogd skifer |
| Vindauge | Jugend/krysspostvindauge |
| Skildring: Tilhøyrde skomakar Søren Årdal. Bygning inspirert av jugendstil, uheldig kledning. Likevel ein bygning av si tid og framstår med ein viss grad av autentisitet.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Middels |

## Einskilde bygg i gate 2



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 89 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 7, gbnr 114/66 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Etter 1953 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Tak/tekke | Flatt tak |
| Vindauge | Funkisvindauge (trerams) |
| Skildring: Funkisvilla med fine detaljar. Stilrein og representativ for byggeperioden. Framstår med stor grad av autentisitet.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Stor, også ein regional verdi |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 90 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 8, gbnr 114/93 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1934 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Moderne variant av empirevindauge |
| Skildring: villa i funkisstil, karakteristisk bygningskropp og tak, med hjørnevindauge. Moderne vindauge reduserer det opphavlege uttrykket. Opphavleg bustad til lensmann Jakob Refvik som hadde arrest og kontor i kjellar.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 91 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 37, gbnr 115/31 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1938 |
| Kledning | Horisontalt trepanel |
| Tak/tekke | Valmtak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Vippevindauge/ funkisvindauge |
| Skildring: villa i funkisstil, karakteristisk bygningskropp og tak, med hjørnevindauge. Delvis nye vindauge, og taktekke, reduserer det opphavlege uttrykket.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 92 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 36, gbnr 116/33 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1914 |
| Kledning | Vertikalt og horisontalt trepanel |
| Tak/tekke | Mansardtak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Smårutet, inspirert av klassisisme og seinare empire |
| Skildring: bygd av banksjef i Ulvesund Kredittbank, m.a. tidlegare bustad for postmeisteren i Måløy. No overteke av Røde Kors og nytta som eldresenter og møte/selskapslokale.<br>Restaurert villa, moderne tak og vindauge reduserer opphaveleg uttrykk.<br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 93 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 38, gbnr 116/37 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1916 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Saktak, krum betongtakstein |
| Vindauge | T-postvindauge |
| Skildring: Villa inspirert av sveitserstil, påbygd i 1946 og mista noko av sitt opphavlege uttrykk.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 94 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 40, 116/206 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Etter 1953 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Tak/tekke | Valmtak, hogd skifer |
| Vindauge | Vippevindauge, terams |
| Skildring: Bygning i funkisstil. Stilrein og bevart opphavleg uttrykk, men med påbygg. Truleg frå 50-talet, men ikkje på flyfoto frå 1953.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 95 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 85, gbnr 116/55 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1928 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Moderne jugendvindauge |
| Skildring: bustad i enkel sveitserstil, moderne jugenvindauge. Framstår med liten grad av autentisitet.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 96 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 46, gbnr 116/184 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1938 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Takform/tekke | Saltak med svai, hogd skifer |
| Vindauge | Torams-vindauge |
| Skildring: bustad/villa av viss alder. Velhalden og har godt bevart opphavleg uttrykk, sjølv med nyare veranda.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 97 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 86, gbnr116/148 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1949 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Takform/tekke | Saltak, takstein |
| Vindauge | Torams-vindauge |
| Skildring: enkelt murbygg, stilreint og har bevart opphavleg uttrykk. Eit av få murbygg i gt. 2.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |




| Reg. objekt nr | 98 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 88, 116/59 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1920/1930 |
| Kledning | Eternittplater, vertikalt trepanel |
| Takform/tekke | Saltak med svai, hogd skifer |
| Vindauge | Vippevindauge, trerams |
| Skildring: Bustadhus frå første halvdel av 1900-talet. Moderne kledning og vindauge gjer at bygningen har mista mykje av sitt opphavlege uttrykk.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |




| Reg. objekt nr | 99 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 90, 116/84 |
| Type kulturminne | Villa |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1920/1930 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Valmtak med ark |
| Vindauge | Ulike typar, |
| Skildring: Bustadhus. Har mista stor grad av opphavleg uttrykk ved moderne vindauge.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| Reg. objekt nr | 100 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 99, gbnr 116/397 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390308009, kode gul |
| Datering | 1800-talet, 4.kvartal |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Jugendvindauge/krysspostvindauge |
| Skildring: Rygghuset. Tilhøyrde Jakob Rygg, smed i bygda. Nye vindauge, men bevart storleik på vindaugsopningane.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels/stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 101 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 104 A og B, 117/100,101 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1950 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Tak/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Trerams-vindauge |
| Skildring: enkel bustadblokk, ei av svært få i Måløy. Typisk for si tid og har bevart stor grad av opphavleg uttrykk.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |





| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 102 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 100, 117/12 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1916 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Tak/tekke | Saltak, teglstein, bølgeblikk |
| Vindauge | Krysspostvindauge, vippevindauge |
| Skildring: Enkelt bustadhus, karakteristisk for Måløy rundt førre århundreskifte. Historieforteljande element om «vanlege folk» sine kår på 1800/1900-talet. Nye vindauge reduserer det opphavlege uttrykket til bygningen, men likevel ein kjerne bevart.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 103 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 106, 117/10 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1918 |
| Kledning | Horisontalt trepanel |
| Tak/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Krysspostvindauge, vippevindauge |
| Skildring: Enkelt bustadhus, karakteristisk for Måløy rundt førre århundreskifte. Historieforteljande element om «vanlege folk» sine kår på 1800/1900-talet. Restaurert, men bevart eit autentisk preg.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 104 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 108, 117/21 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1918 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Saltak, takpapp |
| Vindauge | Krysspostvindauge |
| Skildring: Stokkehuset, villa i sveitserstil. Fine detaljar og godt bevart opphavleg uttrykk, men moderne tak.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels/stor |

## 6.3 Gate 3



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 105 |
| Adr/ gbnr | Gt 3, nr 14, 113/70 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1916 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Saltak, takstein |
| Vindauge | Jugend/krysspostvindauge |
| Skildring: Villa Fjellheim. Tilhøyrde familien Osmundsvåg, villa i jugendstil. Fine detaljar, men med moderne tak.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels/ stor |

## 6.4 Sæterneset

### Bygningsmiljø 12

På Sæternes, i gt.1 er det enno spor etter ei tid då småskalahandel prega sentrum og bygårdar med bustad over forretningslokaler var typisk. Dei store vindauga som vender mot gt. 1 er karakteristiske. Bortsett frå bygning nr 17, har bygningsmassen få arkitektoniske kvalitetar, sjølv om dei er tidstypiske og framstår med stor grad av autentisitet.

Samla verdi på området vert **liten verdi**. Eg gjer merksam på at dei ulike bygningane har ulik verdivurdering.



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 108 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 17, 113/25 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1955 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Tak/tekke | Valmtak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Tre- og torams-vindauge |
| Skildring: Bustad til son av doktor Strand. Opphavleg stod her ein villa i tre, denne brann ned under Måløyraidet. Etter krigen vart bygningen bygd oppatt i same stil, men i mur. Bygget er inspirert av nyklassisistisk stil, men med vindauge typisk for byggeperiode.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 109 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 15, 113/65 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1956 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Tak/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Vippe og trerams-vindauge |
| Skildring: enkel murgård med opphavleg uttrykk.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 110 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 13, gbnr 113/62,63 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1955 |
| Kledning | Eternittplater |
| Tak/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Trerams-vindauge |
| Skildring: Bygård med bevart opphavleg uttrykk. Påbygd i 1958.<br><br>Tilstand:middels | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 111 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 11, gbnr 113/64 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1954 |
| Kledning | Delvis glattpussa sko |
| Tak/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | Trerams-vindauge |
| Skildring: Enkel bygård med opphavleg uttrykk.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |

**Bygningsmiljø 13**

Før fiskeeventyret starta på slutten av 1800-talet, var Måløy ei jordbruksbygd. Jordbruk heldt fram med å vere ei viktig næring utover på 1900-talet. I dag er det berre att restar etter eitt gardstun innanfor planområdet. Dette ligg på Sæternes og tilhøyrde Einar Strand. Einar Strand vart distriktslege for ytre Nordfjord i 1907 og vart den første legen i Vågsøy legedistrikt, då dette vart oppretta i 1921. Strand kjøpte seg gard på Sæternes og her planta han 100 000 furutre i utmarka. Strand var ein ivrig forkjempar for nynorsken og som lege var han oppteken av å spreie kunnskap om hygiene og førebygging av sjukdom. Våningshuset, villa i sveitserstil og låven er frå byrjinga av 1900-talet.

Opplevinga av gardstunet som ein heilskap er redusert då det er bygd inne i eit byggjefelt. Det er stor avstand mellom bygningane og stor grad av det opphavlege miljøet rundt dei er vekke. Samla verdivurdering på bygningsmiljøet er **middels verdi**. Eg gjer merksam på at bygningane har ulik verdivurdering.



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 106 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, gbnr 113/101 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | SEFRAK id nr 14390303001, kode gul |
| Datering | 1905 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Saltak, hogd skifer |
| Vindauge | T-postvindauge/torams-vindauge |
| Skildring: Villa Kveldheim. Storslått bygning i sveitserstil. Bustad til distriktlege Einar Strand, den første legen i Vågsøy legedistrikt. Stilrein villa med stor grad av autentisitet, ein av dei få stilreine sveitservillaene i planområdet.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 107 |
| Adr/ gbnr | Sæternesvegen, gbnr 113/76 |
| Type kulturminne | Låve |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Byrjinga av 1900-talet |

Skildring: Låve/fjøs. Autentisk inventar, nye vindauge i overetasjen.

Tilstand: middels

| | |
|---|---|
| Verdivurdering | Liten/middels |

## Enkeltbygg på Sæternes

| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 112 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 12, 113/110 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1961 |
| Kledning | Horisontalt trepanel |
| Tak/tekke | Pulttak |
| Vindauge | Smale, vertikalt gåande vidauge |

Skildring: yrksesskulen i Måløy. Stod ferdig i 1961. Ein bygning av si tid og framstår med stor grad av autentisitet.
I dag har Selstad AS lokale her. Bedrifta vart starta i 1953 og er i dag ein stor leverandør til fiskeri- og oppdrettsnæringa.





Tilstand: god

| | |
|---|---|
| Verdivurdering | Liten/middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 113 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 3, 113/18, 61 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1919 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel |
| Tak/tekke | Saltak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Terams-vindauge, vippevindauge |
| Skildring: Bustadhus, kjellaren vart brukt som førstehjelpsstasjon for såra allierte soldatar, før dei vart sende til sjukehus.<br>Bygd i enkel sveitserstil, mista storgrad av opphavlege uttrykk ved moderne tak og vindauge, samt påbygg.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 114 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 10C, 113/92 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1900 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Tak/tekke | Saltak, krum betongtakstein |
| Vindauge | Moderne småruta |
| Skildring: Opphavleg snikkarverkstad frå kring 1900. I dag modernisert og restaurert slik at det er lite att av det opphavlege uttrykket.<br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |

## 6.5 Sjøfronten

Fiske har vore hovudnæringa i Måløy. I samband med dette har det også vakse fram andre næringar som i stor grad tente fiskebåtane og heldt dei med utstyr etc.

### Teknisk/industrielt kulturmiljø 1

På Gotteberg er det bevart eit fint miljø som har vakse fram grunna fiske som næring. Her er sjøbuder, både av eldre og nyare dato, fryselager, tilhøyrande bustadhus og naust med bevart strandlinje. Desse små strekningane med bevart strandlinje er dei einaste som er att i heile Måløy. Det er også svært få bevarte sjøbuder frå før 1950.

Kulturmiljøet verdifullt og med **stor verdi**. Eg gjer merksam på at dei ulike objekta innanfor det definerte kulturmiljøet har ulik verdi.



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 115 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 126, gbnr 117/85 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1947 |
| Kledning | Horisontalt trepanel |
| Takform/tekke | Saltak |
| Vindauge | Vippevindauge |
| Skildring: bustadhus bygd i samband med næringa på staden. Enkel funkisstil, modernisert slik at framstår med liten grad av autentisitet. I seg sjølv liten verdi.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 116 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 128, 117/30 |
| Type kulturminne | Teknisk/industrielt |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1952 |
| Skildring: Fryselager til Måløy Fiskehandel<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Liten/middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 117 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 128, 117/30 |
| Type kulturminne | Teknisk/industrielt |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1952 |
| Skildring: Fiskemottak til Måløy Fiskehandel, bygd i 1952 av Olaf Barmen. No nedlagt.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Stor, også regional verdi |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 119 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, gbnr 117/43, 10 |
| Type kulturminne | Naust |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1916 |
| Kledning | Vertikalt trepanel, bølgjeblekk |
| Takform/tekke | Saltak, bølgjeblekk |
| Skildring To naust med bevart opphavleg strandline i front. Høyrde til fam. Gotteberg. Dei er dei einaste nausta som er att i Måløy sentrum og såleis viktige historieforteljande element.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 120 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront, gbnr 117/9 |
| Type kulturminne | Naust |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1920 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, supanel, bølgjeblekk |
| Takform/tekke | Saltak, bølgjeblekk |
| Skildring: Naust/sjøhus med opphavleg strandlinje. No brukt som garasje.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 121 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront, gt.1, nr 120, 117/22 |
| Type kulturminne | Sjøbud |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1920 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, bølgjeblekk |
| Skildring: Sjøbud frå 1920. Ei av få att frå denne tidsepoken, bevart autentisk preg og eit viktig historieforteljande element.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels/stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 122 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront, 117/1 |
| Type kulturminne | Sjøbod |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1920 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og pløgd |
| Takform/tekke | Saltak, bølgjeblekk |
| Skildring: Sjøbud frå 1920. Ei av svært få att frå denne tidsepoken og eit viktig historieforteljande element. Nyleg restaurert og noko av det opphavlege uttrykket er redusert.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 123 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront, 117/299 |
| Type kulturminne | Teknisk/industrielt |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1954 |
| Skildring: Fiskemottak, Einarbuda. Bygget er prega av funkisstilen og såleis representativ som industribygg bygd på 50-talet. Dette var i epoken med det store sildeeventyret. Tidlegare heldt Måløy Maritime Skule til her. Står no tomt.<br><br>Tilstand: dårlig/middels | |
| Verdivurdering | Stor, også regional verdi |




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 124 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront, 117/59 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1920 |
| Skildring: tidlegare oljelager, m.a. smøreolje og gris, tilhøyrde fam. Skibenes. Står no tomt.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |

## Teknisk/industrielt kulturmiljø 2, Verloslippen






| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 125 |
| Adr/ gbnr | Gt 1 nr 88-92, gbnr 116/121,196 |
| Type kulturminne | Teknisk/industrielt |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1936 |
| Skildring: Verloslippen.<br>Firmaet Verlo Mekaniske verkstad vart grunnlagd i 1936 av Reidar Verlo. Han overtok Moldøen Mek. Verkstad som hadde vore nedlagt sidan 20-åra. Dei gamle slippane kunne ikkje lenger nyttast, men vart sett i stand. Den første vognslippen vart teken i bruk i 1954, ny slippvogn med hydrauliske sidestøtter vart bygd i 1982.<br>Alf Verlo gjekk inn i firmaet under 2.verdskrig og under hans leiing vart det bygd ein jarnvarehandel med rikt utval.<br>Verlo har i stor grad tilpassa verkstaden for arbeid med sjarker og andre mindre farty.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |

## Teknisk/industrielt kulturmiljø 3, Firda Canning



| Reg. objekt nr | 126 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1, nr 94, gbnr 116/49 |
| Type kulturminne | Teknisk/industrielt |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Hovudbygning 1932 |
| Skildring: Firda Canning<br>Firmaet vart starta av Audun Lem og Hans Søreide i 1913. Firmaet er enno i eige av familien Lem og ei av bedriftene som har vore i same eigarskap lengst i Måløy.<br>Den karakteristiske hermetikkfabrikken i jugendstil vart reist på 1930-talet. Nye produksjonslokale og ny kai vart bygd på 1990-talet.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |

## Teknisk/industrielle enkeltminne



| Reg. objekt nr | 127 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Gt 1,116/42 |
| Type kulturminne | Teknisk/industrielt |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1955 |
| Skildring: Smie. Var svært viktig for fiskeindustrien, hjalp med å utvikle/produsere verktøy.<br><br>Tilstand:god | |
| Verdivurdering | Middels |



| Reg. objekt nr | 128 |
|---|---|
| Adr/ gbnr | Sjøfront, gbnr 116/97 |
| Type kulturminne | Sjøbud |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1907 |
| Kledning | Horisontalt trepanel |
| Takform/tekke | Saltak, bølgjeblekk |
| Skildring: Lødøenbudene. Moderne tilbygg i front på buda t.h. Likevel to av svært få sjøbuder att frå denne tidsepoken, og difor eit viktig historieforteljande element.<br><br>Tilstand:god | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 129 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront, gbnr 116/80,488 |
| Type kulturminne | Sjøbud |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1952/1953 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Tak/tekke | Saltak/ flatt, |
| Skildring: Domsteinsbuda. I 1925 kjøpte bondesonen Rasmus Domstein Vetvikbuda som konkursbu og la grunnlaget for eit av landets største fiskerikonsern. Buda vart seinare ombygd og utvida, ein kan enno sjå spor etter den gamle buda i det nye bygget.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Stor, også regional verdi |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 130 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront, 115/175 |
| Type kulturminne | Sjøbud |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1917 |
| Kledning | Horisontalt trepanel, høvla og hogd |
| Tak/tekke | Saltak, pulttak, krum takstein |
| Vindauge | Empirevindauge |
| Skildring: Fjellmøybuda. Opphavleg frå 1917, nyleg restaurert. Mista det meste av sitt opphavlege uttrykk ved moderne kledning, vindauge og tilbygg. Likevel eit historieforteljande element i Måløy.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 131 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront, gbnr 115/27 |
| Type kulturminne | Sjøbud |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1950 |
| Kledning | Bølgeblekk, horisontalt trepanel |
| Tak/tekke | Saltak, bølgjeblekk |
| Vindauger | -- |
| Skildring: lager. Ligg fint til i opphavleg miljø, ved sjøen.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten/middels |




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 132 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront, gbnr 115/290 |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1948 |
| Kledning | Mur |
| Tak/tekke | Form for valmtak |
| Vindauger | Moderne variant |
| Skildring: Måløy Hamnevesen kjøpte i 1948 Torgkaia og bygde eit større lager – og kontorbygg. Her heldt m.a. Norges Sildesalslag til. Bygget var opphavleg mindre, bygd i typisk funkisstil, med flatt tak. Bygget er nyleg omfattande restaurert og er i dag nytta til m.a. restaurant. Bygget er svært endra og har bevart liten grad av autentisitet.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Liten |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 133 |
| Adr/ gbnr | Sjøfront |
| Type kulturminne | Bygning |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Kring 1954/1955 |
| Kledning | Glattpussa mur |
| Tak/tekke | Flatt tak/saltak |
| Vindauger | Vippevindauger |
| Skildring: Selstadgården, tidlegare fabrikklokale til Moldøen Canning (Måløys første hermetikkfabrikk, starta i 1910). Denne vart nedlagt i 1968 og seinare ombygd til husvære. Bygningen har ein moderne utforming som harmonerar til staden.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels/stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 134 |
| Adr/ gbnr | Sjøgata. 47,46 |
| Type kulturminne | Sjøbud/verksted |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1876 |
| Kledning | Horisontalt trepanel,mur |
| Tak/tekke | Saltak, bølgjeblekk |
| Vindauger | Tofagsvindauger |
| Skildring: opphavleg Vedrhusbuda. Påygd i seinare tid, kring 1960/70-talet, no nytta som verkstad. Tilbygga er prega av ulike stilartar, m.a. funkisstilen. Totalintrykket av bygget er rotete. Har likevel ein kjerne med verdi.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 135 |
| Adr/ gbnr | |
| Type kulturminne | Ankerfeste |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | - |
| Skildring: ankerfeste på Sæterneset, under Måløybrua.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |

## 6.6 Andre



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 136 |
| Adr/ gbnr | Gt 2, nr 41, gbnr 115/81 |
| Type kulturminne | Brannstasjon |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1960 |
| Skildring: Brannstasjon. Teikna av Arkitekt Peder A. Ristesund i Bergen. Etter ei runde i det lokale «Skjønnheitsrådet» måtte arkitekten endre litt på utkastet sitt før bygningen vart bygd. Autentisk funkisstil, karakteristisk for si tid.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Middels |




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 137 |
| Adr/ gbnr | Gt 1, ved Heradsheimen |
| Type kulturminne | Telefonkiosk |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | |
| Skildring: Etter mobiltelefonens inntog er telefonkioskar eit sjeldan syn. Dei raude kioskane i Noreg vart teikna av Georg Fasting i 1932 og er også inspirert av funksjonalismen.<br><br>Tilstand: middels | |
| Verdivurdering | Middels |

## 6.7 Kulturminne knytt til tru/tradisjon



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 138 |
| Adr/ gbnr | Gbnr 113/39 |
| Type kulturminne | Kyrkje |
| SEFRAK/ Askeladden | Askeladden id nr 85065 (ikkje freda) |
| Datering | 1907 |
| Skildring: teikna av arkitekt Lars Nilsson Sølvberg. Altertavla, også frå 1907 er måla av Sveinung Aanondsen og er ein kopi av Adolph Tidemand. Glasmåleria på dei store vindauga på hovudskipet er frå 1952, elles er mykje av inventaret frå byggeåret eller seinare.<br><br>Tilstand: god | |
| Verdivurdering | Stor |

## Tusenårsstaden




| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | 139 |
| Adr/ gbnr | Måløyna |
| Type kulturminne | |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | Vikingtid |
| Skildring: Måløys tusenårsstad. Tingstad for bøndene i ytre Nordfjord. Namnet på øya har truleg opphav i det norrøne ordet "*malstefna*" som tyder *målstova* eller *stemnestova*. | |
| Verdivurdering | Stor |

## 6.8 Krigsminne



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | KRM 1 |
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1942-1945 |
| Skildring: Bunker | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | KRM 2 |
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1942-1945 |
| Skildring: Kanonstilling | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | KRM 3 |
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1942-1945 |
| Skildring:<br><br>Området er attgrodd og det er vanskeleg å få oversikt. Ein bunker med betongflate og fleire murar/steingardar. Området bør detalj-undersøkast før inngrep. | |
| Verdivurdering | Stor |



| Reg. objekt nr | KRM 4 |
|---|---|
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1942-1945 |
| Skildring: Bunker i fjell | |
| Verdivurdering | Stor |



| Reg. objekt nr | KRM 5 |
|---|---|
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1940/1941 |
| Skildring: Kanonstilling | |
| Verdivurdering | Stor |



| Reg. objekt nr | KRM 6 |
|---|---|
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1940/1941 |
| Skildring: Kanonstilling | |
| Verdivurdering | Stor |



| Reg. objekt nr | KRM 7 |
|---|---|
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1940/1941 |
| Skildring: Kanonstilling | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | KRM 8 |
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1940/1941 |
| Skildring:<br>Kanonstilling | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | KRM 9 |
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1942-1945 |
| Skildring:<br>Bunker i fjell på Sæternes | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | KRM 10 |
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1942-1945 |
| Skildring:<br>Bunker under Heimevernsbygning på Sæternes | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | KRM 11 |
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1942-1945 |
| Skildring:<br>Bunker i hagen til gt.1, nr 4 på Sæternes. Det er bunkerar under hagane til bebyggelsen ved sjøen på Sæternes. | |
| Verdivurdering | Stor |

| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | KRM 12 |
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1942-1945 |
| Skildring:<br>Det er bunker også på Storehaugen, Sæternes. Den strekkjer seg frå hagen til nr 8 til nr 4, Gt 3. | |
| Verdivurdering | Stor |



| | |
|---|---|
| Reg. objekt nr | KRM 13 |
| Type kulturminne | Krigsminne |
| SEFRAK/ Askeladden | Nei |
| Datering | 1942-1945 |
| Skildring:<br>Bunker under Telenorbygningen, bak Heradsheimen. | |
| Verdivurdering | Stor |




Figur 15. Temakart. Kulturminneverdiar i Måløy sentrum.

## Litteraturliste

Askeladden. Nasjonal Fornminnedatabase. Riksantikvaren. www.askeladden.no

Berge, K.R og Borgundvaag, S. 1991: *Måløy-raidet. Commando-angrepet på Måløy 27.desember 1941. Ei historisk framstilling.*

Bergen Museum, Universitetet i Bergen. Arkeologisk tilvekst. www.unimus.no

Byggforvaltning 2009: Utvendig behandling av trehus frå før 1960. Materialbruk og fargesetting. Byggforskserien. 742.641, del 1.

Byggforvaltning 1995: Arkitektur-bygningsvern. Stilarter i arkitekturen etter 1945. *Byggforskserien.* 612.011. Sending 2.

Flo, O. 1998: Måløy i gamle dagar. I *Årbok for Nordfjord 1998*: s 100-116. Solglimt Trykkeri AS. Sandane.

Flo, O. 2000: Måløy i gamle dagar. I *Årbok for Nordfjord 2000*: s 167-187. Solglimt Trykkeri AS. Sandane.

Flo, O. 2001: Måløy i gamle dagar. I *Årbok for Nordfjord 2001*: s 149-175. Solglimt Trykkeri AS. Sandane.

Flo, O. 2004: Måløy i gamle dagar, 1940-1945. I *Årbok for Nordfjord 2008*: s 191-207. Solglimt Trykkeri AS. Sandane.

Flo, O. 2007: Måløy i gamle dagar. Etterkrigstida. I *Årbok for Nordfjord 2007*: s 122-150. Solglimt Trykkeri AS. Sandane.

Flo, O. 2008: Måløy i gamle dagar. I *Årbok for Nordfjord 2008* : s 108-135. Solglimt Trykkeri AS. Sandane.

Grimeland, B.A. 1937 (red): *Nordfjord i tekst og billeder. Kjenn ditt land.*

Hessevik, D. 1998: Fra båtslipper til skipsverksteder i Vågsøy. I *Årbok for Nordfjord 1998*: s 117-147. Solglimt Trykkeri AS. Sandane.

Måløy. Stedsanalyse. 2012. Eriksen Skajaa Arkitekter, Bjørbekk & Lindheim landskapsarkitekter.

Riksantikvaren 2012: *Kulturminne i kommunen. Håndbok for lokal registrering.* Riksantikvaren. Oslo

Riksantikvaren 2003: *Kulturminne og kulturmiljø i konsekvensutgreiingar. Rettleiar.* Riksantikvaren. Oslo.

Scheldrup, H. og Brekke, N.G. 1997 (red): *Hus på Vestkysten gjennom 4000 år.* Fortidsminneforeningen, Norsk kulturråd, Kulturlandskapssenteret i Hordaland, Bergen Arkitekt Skole, BAS.

SEFRAK-registeret. www.miljostatus.no

SEFRAK. Registrering av faste kulturminne i Noreg. C kodeliste for registrering av hus.

Stadanalyse for Måløy 1998. Feste AS, landskapsarkitekter mnla.

Starheim, O. 2004: *Tida flyg. Historiske flyfoto frå Sogn og Fjordane*. Selja Forlag.

Starheim, O. og Sølvberg,T. 2003: *Måløy. Brua og byen*.  Måløybrua AS under avvikling.

Vågsøy kommune 2011: Planprogram. Områdeplan Måløy sentrum.

**Artiklar på internett:**

www.gamlehus.no

www.nrk.no/sf/leksikon.no

**Informantar:**

Terje Sølvberg

# Vedlegg 1 Arkitekturhistorisk stilguide

## Sveitserstil 1860-1920

Mot slutten av 1800-talet gjorde sveitserstilen seg gjeldane i norsk arkitektur. Stilen er inspirert av tre-arkitekturen i Sveits, Austerrike og Sør-Tyskland. Oppblomstringa av stilarten heng saman med aukande velstand i Noreg. Stadig fleire arkitektar og ingeniørar reiste utanlands for å utdanne seg og dei henta heim impulsar frå Europa. Samstundes gjorde den auka dampskipstrafikken til at stilarten spreidde seg innanfor landets grenser.

Sveitserstilen er først og fremst karakterisert ved krossforma- eller rektangulære bygningskroppar, ofte med store arker som går på tvers av husets møneretning. Saltak er den vanlegaste takforma. Dette skulle framstå så tynt og slett som mogleg, derfor vart skifer eller flate teglpanner nytta som taktekke. Stilen gav rom for individuell utforming i dekor og detaljering, og listverket vart ofte djupare profilert og meir utskåre enn under klassisismen. Ein nytta også gjerne to eller tre ulike fargar for å framheve konstruksjon og ornamentikk. I byrjinga beheldt sveitserhusa empirevindauga, men etter kvart vart T-postvindauge og krysspostvindauge karakteristisk for stilarten.

Sveitserstilen vart svært populær og dette vart stilarten for dei gamle skulehusa på landet, dei store villaene og dei første turisthotella. Rundt førre århundreskifte tok stilen opp nasjonalromantiske impulsar og gjekk over i dragestil. Samstundes kom jugendstilen inn frå Europa og tok etter kvart over som dominerande stilretning. Sveitserstilen heldt likevel på populariteten sin, og særleg på landet vart bygningar i sveitserstil reist fram mot 1930-talet.



**Sveitservilla**

## Jugendstil 1890-1920

Jugendstilen oppstod som eit medvite brot med tidlegare stilartar. Ute i Europa såg arkitektane seg lei av lånte element frå eldre stilartar og slik oppstod stilarten. Jugendstil er den tyske nemninga på stilarten, den belgisk-franske retninga vart kalla art nouveau (ny kunst) og målet for begge retningane var ein ny stil frigjort frå fortidas formspråk.

Jugendstilen er karakterisert ved at bygningskroppen får plastisk form med mjuke og skrå overgangar ved gesimsane og avrunda hushjørne. Taket vert større og ein del av fasaden. Taket er som regel mansard- eller valmtak med tekke av skifer. Listverket er ofte enkelt, flatt og breitt og utan profilar, men har ofte dekorative utskjeringar rundt vindauge og på dører. Fargebruken er forskjellig, ofte djupe fargar, men også lyse og kvite og gjerne lyse hus med mørke vindauge. Ei ny form for krysspostvindauge vart karakteristisk for stilarten; dei to øvste smårutene vart delt i fire.

I byrjinga vart jugendstilen blanda med sveitserstilen. Mange hus fekk sveitserform, men med halvvalma tak og jugendvindauge.



**Bygning i jugendstil.**

## Nyklassisisme 1920-1930

Rundt 1920 byrja klassiske trekk å gjere seg gjeldande i arkitekturen igjen. Bygningane vert meir symmetriske og krysspostvindauga vert erstatta med smårutete vindauge eller empirevindauge. Inspirasjon vart henta frå innlandets tømmerbygningar, kystens panelarkitektur, samt barokke og klassisistiske embetsmannsgardar. Det vart bygd i tre, tegl og naturstein.



**Bygning i gt. 1 inspirert av nyklassisismen.**

## Funksjonalismen 1925-1940/50

Mot slutten av 1920-talet kom eit nytt «opprør» mot kopiering av tidlegare stilartar og førte til eit fullstendig brot med rådande dekorstilisme og kopiering av klassiske stilretningar. Den franske arkitekten le Corbusier påverka arkitektar verda over og bana veg for ei ny oppfatning av arkitekturens virke og plass i samfunnet. Arkitektane ville ikkje berre gjennom sin arkitektur skape ny stil, men også ei ny halding til livet.

I Norden kom gjennombrotet for stilarten på Stockholmutstillinga i 1930. Målet var å skape ein arkitektur som stod i pakt med det moderne, teknifiserte samfunnet. Ny teknologi og byggemåte medførte byggemateriale som stål, glas og armert betong, og konstruksjonar basert på stolpar og dragarar. Karakteristisk for perioden er knappe detaljer, flate tak og store vindauger utan sprosser og hjørnevindauge. Bygningane fekk enkle «kasseforma» bygningskroppar, knappe takutstikk og enkle dør- og vindaugsrammer. Sjølv om betong var funksjonalismens byggemateriale, vart mange hus i Noreg bygde i tre. Typiske takformer var valmtak, men gjerne også flate, eller pyramideforma tak med flat takvinkel.

Fargebruken endra seg også. Dei dominerande fargane var grønt, brunt, raudt og oker. Det var ikkje uvanleg å måle ulike fargar på 1. og 2. etasje eller å la store veggparti knytt til inngang og veranda få kontrastfarge. Vindauge, dørar og listverk vart ofte måla i sterke, klåre fargar.




**Bygård og bustadhus i funkisstil.**

## Etterkrigsmodernisme 1945-1975/80

Funksjonalismens nøkterne formspråk fortsette å dominere arkitekturen etter krigen, særleg når det gjaldt forretnings- og kontorbygg og i dei nye bustadområda som vart oppførte nær byane. Behovet for rask oppføring av nye bustader prega perioden og etter kvart kom dei første husbankhusa. Det første Rødlandshuset, den standariserte, rimelege, husbankfinansierte einebustaden på eitt plan, stod ferdig i 1952. Arva frå funksjonalismen er tydeleg.

Etter kvart vart arkitekturen dominert av asymmetriske bygningskroppar, gjerne delt i fleire volum. Det vart vanleg med store vindauger utan sprosser. Listverket var enkelt og fasadedekor uvanleg. Dei fleste takformer er representerte.

Arkitekturen på 60- og 70 talet er ofte blitt kritisert for ei manglande forståing for staden sin identitet og dimensjon. Det vil seie at nye bygningar vart reiste med moderne materiale og bygningskomponentar utan å ta omsyn til eksisterande arkitektur og staden sin identitet. På eldre bygg vart vindauge, panel og listverk bytte ut med moderne variantar og på denne måten skjedde det ei forsimpling av bygningsmiljø. Frå slutten av 80-talet har det vore ei aukande interesse for byggeskikk og bygningskultur. Husa vert større, fasadane meir utbroderte og inspirasjon av tidlegare stilartar vert på ny populært.







**Bileta syner ulike bygningar, som på kvar sin måte, er typiske for etterkrigsmodernismen.**

# Vedlegg 2 Temakart

Digitalt format.